

# SAMARBEID PÅ TVERS

---

SAMARBEIDET MELLOM DEN NORSKE KYRKJA OG  
OFFENTLEGE INSTITUSJONAR INNAN UTDANNING OG  
KULTUR

EVALUERINGSFORSKING PÅ  
TRUSOPPLÆRINGSREFORMA

RAPPORT 2

Kåre Fuglseth

Elisabet Haakedal

KIFO NOTAT 2/2012

**KIFO**  
Stiftelsen Kirkeforskning

©KIFO Stiftelsen Kirkeforskning 2012

ISBN 978-82-92972-23-6

e-post:kifo@kifo.no

<http://www.kifo.no>

## Forord

Stiftelsen Kirkeforskning KIFO er tildelt et treårig oppdrag med evalueringsforskning om Trosopplæringsreformen i Den norske kirke. Evalueringen er finansiert av Kirkerådet. Evalueringsforskningen er definert i en rammeavtale og omfatter fire ulike deloppdrag. Denne rapporten omfatter en del av ett av disse deloppdragene.

Bak evalueringen står en forskergruppe bestående av forskerne Pål Ketil Botvar, Ida Marie Høeg, Olaf Aagedal, og forskningsassistentene Sivert Urstad og Frode Kinserdal, KIFO; professor Elisabet Haakedal, postdok-stipendiat Irene Trysnes, professor Pål Repstad, Universitetet i Agder; og professor Kåre Fuglseth, Universitetet i Nordland. Prosjektleder for oppdraget er forsker Ulla Schmidt, KIFO.

Hele forskergruppen står bak utarbeidelsen av den grunnleggende oppbygningen av evalueringsforskningen med henblikk på deloppdrag, overordnede problemstillinger og opplegg for datainnhenting. Deretter har mindre forskergrupper ansvar for analyser og rapporter for de enkelte deloppdragene.

Ett av deloppdragene handler om ulike former for samarbeid i reformen. Dette oppdraget er inndelt i flere deler, og denne rapporten dekker én av delene, nemlig den som handler om samarbeid mellom menighetene og offentlige institusjoner, først og fremst skoler og barnehager. Kåre Fuglseth, Universitetet i Nordland, og Elisabet Haakedal, Universitetet i Agder har hatt ansvaret for utarbeidelsen av denne rapporten. Oppdragsgiver har hatt en foreløpig versjon av rapporten til gjennomsyn med tanke på faktasjekk og andre kommentarer. Alt innhold i rapporten (inklusive evt. feil) er likevel oppdragstakers og forfatterens ansvar.

KIFO og forskergruppen vil benytte anledningen til å takke alle som har bidratt til evalueringsforskningen ved å besvare spørreskjemaer, stille opp til intervjuer og gitt oss adgang til å observere tiltak og arrangementer. Uten denne velviljen fra ansatte i menighetene, foreldre og deltakere hadde ikke dette prosjektet latt seg gjennomføre!

Takk også til oppdragsgiver Kirkerådet som velvillig og imøtekommende har besvart spørsmål og tilrettelagt og stilt til rådighet ulike data for prosjektet.

En nærmere beskrivelse av evalueringsforskningen, inkl. kommende deloppdrag og fremdriftsplan, finnes på [www.kifo.no](http://www.kifo.no).

Oslo, 15. april 2012

Ulla Schmidt, prosjektleder

## Innholdsliste

<b>1</b>	<b>Innleiing .....</b>	<b>7</b>
1.1	Problemstilling og føremål .....	7
1.2	Datagrunnlag og metode .....	8
1.2.1	Datagrunnlaget.....	8
1.2.2	Datagrunnlaget for tilsetteundersøkinga (survey) .....	8
1.2.3	Intervju og observasjonar (feltstudium) .....	10
<b>2</b>	<b>Tilsetteundersøkinga .....</b>	<b>10</b>
2.1	Samarbeid med andre institusjonar enn skule .....	11
2.2	Samarbeid med skulen .....	13
<b>3</b>	<b>Feltstudium med intervju .....</b>	<b>16</b>
3.1	Åsen kyrkjelyd .....	16
3.2	Dalen kyrkjelyd .....	20
3.3	Lien kyrkjelyd.....	22
3.4	Sletta kyrkjelyd .....	25
3.5	Skogen kyrkjelyd.....	29
3.6	Viken kyrkjelyd .....	31
3.7	Samarbeidet i samandrag .....	36
<b>4</b>	<b>Vurdering .....</b>	<b>37</b>
4.1	Ein ny situasjon.....	37
4.2	Nokre prinsipielle sider om samarbeid .....	39
4.3	Formell avklaring? .....	40
4.4	Skilnad, men ikkje skilje.....	42
4.5	Trusopplæring i vid og trong mening .....	44
4.6	Faktorar som er avgjerande for samarbeidet .....	46
<b>5</b>	<b>Samanfatning og konklusjonar .....</b>	<b>48</b>
<b>6</b>	<b>Litteraturliste .....</b>	<b>50</b>
	Tabell 1 Informantar .....	10
	Tabell 2 Kristne organisasjonar med virksomhet i soknet (NLM, Normisjon, KFUK/M, KRIK, Søndagsskoleforbundet etc.) .....	11
	Tabell 3 Andre frivillige organisasjonar (for eksempel idrett, musikk) .....	12
	Tabell 4 Barnehager i soknet / kommunen.....	12
	Tabell 5 Andre offentlige institusjonar i sokn/kommune (for eksempel helse, kultur-institusjonar) .....	13
	Tabell 6 Hender det at dere samarbeider med skolen i forbindelse med trosopplæringen? ....	13
	Tabell 7 Det er vanskelig å finne ut hvordan vi skal forholde oss til skolen i trosopplæringssammenheng .....	15
	Tabell 8 Det er vanskelig å finne ut hvordan vi skal forholde oss til skolen i trosopplæringssammenheng; på bispedømme. Prosent.....	15

Tabell 9 Det er vanskelig å finne ut hvordan vi skal forholde oss til skolen i  
trosopplæringsammenheng; på soknestørrelse. Prosent ..... 16



## 1 INNLEIING

### 1.1 PROBLEMSTILLING OG FØREMÅL

Rapporten skildrar det tverrfaglege samarbeidet mellom kyrkjelydane i Den norske kyrkja og offentlege institusjonar slik dette kjem fram i det materialet som ligg til grunn for denne undersøkinga. Han skildrar ut frå dette om det skjer slikt samarbeid, kven som eventuelt samarbeider, kva slags type samarbeid det er snakk om og i kor stor grad det i så fall skjer.

Offentlege institusjonar innan utdannings- og kultursektoren er sentrale læringsstader for barn og ungdom når dei veks opp, og det har lenge vore sterke band mellom Den norske kyrkja og andre offentlege institusjonar om opplæring. Ikkje minst gjeld dette i skulen, der det er hundreårige tradisjonar for eit samarbeid frå ei tid då kyrkja og staten var vove tett saman. Samarbeid mellom kyrkja og offentlege institusjonar dreier seg om meir enn tilhøvet til skulen, men skulen er framleis den viktigaste institusjonen i så måte. Tradisjonelt har det vore ei rad ulike samarbeidsaktivitetar mellom skule og barnehage og kyrkja, t.d. med avslutningsgudstenester før jul. Den offentlege skulen (allmugeskulen) vart òg skipa i 1739 som ein kyrkjeskule. Men frå 1969 var skulen si kristendomsundervisning frå staten si side ikkje lenger rekna som kyrkja si dåpsopplæring. Likevel var det først med danninga av KRL-faget i 1997 og trusopplæringsreforma i Den norske kyrkja i 2003 at ein tydeleg skilde mellom skule og kyrkje og gav desse ulike mandat og oppdrag. Regjeringa og Stortinget har slått fast at ein skal halde trusopplæringa i Den norske kyrkja frå verksemda i skulen og skuletida, inkludert SFO-tida (skulefritidsordninga) (Kulturdepartementet 2002, Stortinget 2003). Etter omlegginga i skulen med RLE-faget i staden for KRL-faget i 2008 er dette skiljet vorte endå tydelegare (Kunnskapsdepartementet 2007; Utdanningsdirektoratet 2011; jf. òg drøftinga i punkt 4 nedanfor).

Vi kan òg seie at det har skjedd ei haldningsendring i spørsmål om religionsmangfald og religionsfridom allment. Det er rimeleg at mellom anna mediedekninga av dei politiske og kulturelle kontroversane kring KRL-faget har ført til at fleire har teke inn over seg det store mangfaldet av religionar og livssyn til stades i Noreg. Desse kontroversane såg vi ikkje minst i samband med avgjerdene i Menneskerettskommisjonen åttått i 2004 og Den europeiske menneskerettsdomstolen i 2007 (Kunnskapsdepartementet 2007). Undersøkingar blant ungdommar kan tyde på ei slik fleirkulturell haldningsendring (Lippe 2008; Skeie og Lippe 2009).

Den formelle endringa og haldningsendringa byr på ei rad utfordringar for dei i kyrkja som arbeider direkte med barn og unge i samband med kva dei kan gjere og seie i møte med barn, både i og utanfor kyrkja. Offentlege institusjonar kan på si side òg vere usikre på kva ein kan gjere og ikkje gjere. Samarbeid mellom kyrkjelydane og skule og barnehage er ikkje lenger så sjølvstendig. Kvar går grensene i praksis for skulen t.d. mellom religionsfridom og formidling av nødvendig kulturkunnskap? Eit sentralt spørsmål i denne samanhengen for

kyrkjearbeidaren er kva for arbeid og kva i eit arbeid ein skal rekne som trusopplæring. Dette er ikkje enkelt, for songar, forteljingar, kyrkjerom, kunst, symbolikk og høgtidsmarkeringar har i seg sjølv ein bodskap som på ein måte er forkynnande. Det som kan vere med å styrkje ei kristen gudstru eller byggje ein type tilhøyring til kyrkja og såleis kan verte sett på som trusopplæring, er ikkje nødvendigvis ein del av dei tiltaka som kyrkjelydane skal arbeide med som ein del av reforma, noko som òg kan skape forvirring. Problemstillinga er den same i samarbeidet med andre typar offentlege institusjonar, men ingen stader vert utfordringane så tvingande og tydelege som i samband med den obligatoriske skulen, og særleg i samband med dei minste barna.

Vi har kartlagt sider ved situasjonen på dette feltet om samarbeid innanfor dei rammene som er gjeve prosjektet, og vi har særleg sett på kva for tankar kyrkjearbeidarane gjer seg om kva rolle samarbeidet har i kyrkjelydane si verksemd. I vesentleg grad byggjer analysane på ei større spørjeundersøking blant tilsette i Den norske kyrkja og på eit nærstudium av seks utvalde kyrkjelydar, men vi har òg brukt andre kjelder. Vi skildrar først datagrunnlaget og metodane som er brukte (1.2), så følgjer resultat frå spørjeundersøkinga av dei tilsette (2) og ei oppsummering av feltstudia i dei seks undersøkte kyrkjelydande (3) før vi trekkjer fram og drøftar nokre grunnleggjande sider ved arbeidet i kyrkjelydane slik vi ser det (4) og samanfattar til slutt dei viktigaste konklusjonane (5).

## 1.2 DATAGRUNNLAG OG METODE

### 1.2.1 DATAGRUNNLAGET

Til grunn for evalueringa av trusopplæringsreforma i Den norske kyrkja i regi av KIFO ligg det fleire datakjelder, utforska og analysert gjennom ulike analyseverktøy.

I denne rapporten om samarbeid med offentlege institusjonar er det lagt til grunn data og materiale frå ei landsfemnande spørjeundersøking (surveydata) med svar frå tilsette i Den norske kyrkja (jf. punkt 1.2.2 og 2), skildringar frå feltstudiar med samtalar og observasjonar av dei som var med i ulike tiltak i kvar kyrkjelyd, intervju med utvalde personar, informasjon frå ressursbanken med rapportar frå kyrkjelydane sitt arbeid med trusopplæringsreforma. Vi har òg sett på lokale planar om skulesamarbeid der dette ligg føre. Forskarane har vore til stades på førebuingar og gjennomføring av gudstenester, klubbar, foreiningar og andre tiltak som høyrer under trusopplæringsarbeidet i kyrkjelydane (punkt 1.2.3. og 3).

### 1.2.2 DATAGRUNNLAGET FOR TILSETTEUNDERSØKINGA (SURVEY)

I samband med evalueringa av trusopplæringsreforma, vart det gjennomført ei spørjeundersøking (survey) av tilsette i Den norske kyrkja som arbeidde med trusopplæring (jf. punkt 2 nedanfor). Spørjeundersøkinga skulle fange opp ulike yrkesgrupper som jobba med trusopplæringa i ulike kyrkjelydar i gjennomføringsfasen. Bakgrunnen for undersøkinga var å studere arbeidet med å lage lokale planar, korleis ein arbeider med å nå



alle døypte, samarbeid og tverrfagleg arbeid i reforma, og korleis kyrkjelydane samverkar med heim og familiar.

Sjølve undersøkinga vart gjennomført ved hjelp av det nettbaserte survey-verktøyet *Questback*. Respondentane får ved denne tilnærminga tilsend ein invitasjon via e-post, der det følgjer med ei utheva URL-lenkje. Lenkja aktiviserer nettlesaren som vidarekoplar ein til sjølve spørjeundersøkinga.

Utvalet av respondentar vart gjort ut i frå Den norske kyrkja sin ressursbank.<sup>1</sup> I denne ligg det informasjon om ulike kyrkjelydar, samt kontaktinformasjon til personar som arbeidar med trusopplæringa («trusopplærarar»/kateketar/kyrkjelydspedagogar, kontorar/organistar, diakonar, prestar og administrerande leiarar). Respondentane som tok i mot invitasjonar om å ta del i spørjeundersøkinga, måtte altså vere registrerte i ressursbanken med e-postadresse, samt oppfylle det kriteriet at dei jobba i ein kyrkjelyd i gjennomføringsfasen.<sup>2</sup>

Utvalet som vart gjort, var sett saman av to grupper: eit primær- og eit sekundærutval.

*Primærutvalet* var sett saman av personer oppførte med e-postadresse i ressursbanken, og som jobba i ein kyrkjelyd som var med i gjennomføringsfasen. Dette utvalet var på 530 respondentar i ulike yrkesgrupper, tilsette knytte til trusopplæringsarbeid. Utvalet var ikkje berre sett saman av respondentar frå ulike kyrkjelydar i gjennomføringsfasen, men òg frå fleire respondentar i same kyrkjelyd. Dette inneber at ikkje alle respondentane er frå ulike kyrkjelydar, men fleire kan være knytte til same kyrkjelyd.

Sekundærutvalet var sett saman av kontaktpersonar i eit tilfeldig utval av kyrkjelydar oppført i ressursbanken. I invitasjonen til sekundærutvalet bad vi òg respondenten vidaresende e-posten med invitasjonen til opptil fire andre i kyrkjelyden som jobba med trusopplæring. Tanken bak dette var å kunne fange opp andre yrkesgrupper, samt personer som ikkje var oppførte i ressursbanken. Sekundærutvalet var på 95 kyrkjelydar.

Spørjeundersøkinga vart send ut (publisert) 8. juni 2011. Ut over dette vart det send ut tre påminningar: 15.06, 28.06 og 29.08.

Då spørjeundersøkinga vart avslutta, hadde 231 respondentar frå primærutvalet svara. Dette gjev ein svarprosent på 44 (%). Sekundærutvalet gav 74 svar. Det er likevel ikkje mogleg å kunne rekne ut nokon eksakt svarprosent på dette utvalet, i og med at respondentane vart bedne om å vidaresende e-posten. Det ein kan sjå er at 63 av svara genererte 74 responsar frå eit utval på 95.

---

<sup>1</sup> Ressursbanken er ein database «med oversikt over prosjekt, tiltak og ressurser innenfor trosopplæringsreformen».

<sup>2</sup> Kontaktinformasjon (og informasjon generelt) var av varierende kvalitet i ressursbanken. Feilinformasjon oppstod, og døme på dette er at enkelte mangla e-postadresse, at informasjonen var oppført feilaktig, var lite utfyllande og at tidligare tilsette stod oppførte som kontaktpersonar.

Totalt sit vi med eit nettoutval (N) på 305 respondentar.

### 1.2.3 INTERVJU OG OBSERVASJONAR (FELTSTUDIUM)

Forskargruppa har intervjuja tilsette, frivillige, foreldre, barn og ungdom i seks kyrkjelydar; to i Nord-Noreg (Viken og Dalen), éin på Vestlandet (Åsen), éin på Sørlandet (Sletta) og to på Austlandet (Skogen og Lien). Det dreier seg om intervju på mellom 20 minutt og 1,5 timar med 74 personar. Desse vart intervjuja våren og hausten 2011 og vart med få unntak gjennomførte personleg. Der tid og avstand gjorde at dette ikkje var mogleg for informantane eller intervjuarane, har intervjuja vortne tekne opp over telefon. Alle intervjuja er tekne opp på lydband og transkribert ordrett til bokmål. Dei seks studerte kyrkjelydane er alle anonymiserte med fiktive namn og namn på framføringar (t.d. konsertar og musikalar) som lett kunne avsløre identitetar, er ikkje namngjevne (jf. punkt 3 nedanfor).

Utvalet av kyrkjelydar er valt med tanke på at det skal gje ein variasjon av ulike kyrkjelydar ulike stader i landet. Det er ei geografisk spreiding i undersøkinga og vi har sett ulike typar av kyrkjelydar. Dei er likevel alle i gjennomføringsfasen og skal eller har nettopp utarbeidd eigen lokal trusopplæringsplan.

Tabell 1 Informantar

	Åsen	Skogen	Sletta	Lien	Viken	Dalen
Tilsette	3	2	4	4	3	3
Ungdom	2	2	3		1	1
Barn		7	5		1	1
Rådsmedlemer/andre frivillige	3	3	3		2	
Foreldre	10	1	4	2	2	2

Dei som er intervjuja har fått skriftleg og munnleg informasjon om kva rettar dei har, og dei har gjeve skriftleg samtykke om intervjuet og bruken av det seinare.

## 2 TILSETTEUNDERSØKINGA

Svara på denne spørjeundersøkinga viser kva tilsette i kyrkja svarer når dei vert spurde om samarbeidet dei driv med innanfor trusopplæringsarbeidet, kven dei samarbeider med og kva for haldningar dei har til dette arbeidet. Dei vart spurde om samarbeid med institusjonar og organisasjonar utanom skulane (2.1, tabell 2–5), dvs. kristne organisasjonar, andre frivillige organisasjonar og barnehagar, og til skulesamarbeidet (2.2, tabell 6–9). I tala for samarbeid utanfor skulen er det òg teke med tal om frivillige organisasjonar sjølv om dette ikkje er hovudfokus for denne undersøkinga, og tabell 2 og 3 vert i denne samanhengen tekne med for å kunne samanlikne ulike typar samarbeid. Desse tala (tabell 2–5) er stort sett i samsvar med inntrykket frå feltstudia (jf. nedanfor, punkt 3),

men med nokre viktige unntak. Tala viser korleis respondentane oppfattar situasjon i møte med spørsmåla og gjev ein peikepinn på nokre haldningar.<sup>3</sup>

## 2.1 SAMARBEID MED ANDRE INSTITUSJONAR ENN SKULE

«I arbeidet med menighetens trosopplæringstilbud, vil du si at dere har samarbeidet mye eller lite med følgende:»

**Tabell 2** Kristne organisasjoner med virksomhet i soknet (NLM, Normisjon, KFUK/M, KRIK, Søndagsskoleforbundet etc.)

	Prosent
1 - Lite/ingen ting	14
2	18
3	20
4	26
5 - Mye	19
Vet ikke	3
Totalt	100 (N=296)

Tabell 2 viser at 32 prosent av kyrkjelydane svarer at dei har lite eller ikkje noko samarbeid med frivillige kristne organisasjonar (svaralternativ 1–2), medan 46 prosent seier dei har mykje samarbeid (svaralternativ 4–5). Dette er relativt store skilnader. Nokre samarbeider mykje og andre lite eller mindre enn andre. Mengda av samarbeid med frivillige kristne organisasjonar varierer òg stort i dei kyrkjelydane vi har undersøkt meir nøye i seks feltstudium. I forstadskyrkjelydane og i kyrkjelydar utanfor dei større byane vi har undersøkt er det få eller ingen organisasjonar å samarbeide med ganske enkelt. I Nord-Noreg viser begge dei to studerte kyrkjelydane til at læstadianske kristne trekkjer seg ut av arbeidet i Den norske kyrkja i stadig større grad. Her vert det mindre samarbeid. I dei to nordnorske kyrkjelydane vi har sett på er det òg lite samarbeid med samiske organisasjonar eller institusjonar sjølv om det skjer utvikling og tilnærming på personlege initiativ t.d. frå soknepresten.

---

<sup>3</sup> Alle prosenttala er avrunda opp eller ned. Alle spørsmåla og svaralternativa er presenterte her slik dei vart presenterte for respondentane (på bokmål).

**Tabell 3 Andre frivillige organisasjoner (for eksempel idrett, musikk)**

	Prosent
1 - Lite/ingen ting	39
2	29
3	18
4	8
5 - Mye	2
Vet ikke	5
Totalt	100 (N=291)

I tabell 3 viser tala eintydig at det er lite samarbeid med andre frivillige organisasjonar (idrett, musikk), langt mindre enn med kristne organisasjonar. Heile 68 prosent svarer at dei samarbeider lite eller ingenting (svaralternativ 1–2) medan berre 10 prosent svarer mykje (svaralternativ 4–5). I feltstudia ser vi at det er samarbeid med slike organisasjonar, men det er totalt sett i høve til heile samarbeidsverksemda åt kyrkjelydane ikkje mykje av det.

Tiltak for barn og unge innan trusopplæring er lite integrert med verksemda i frivillige organisasjonar samanlikna med samarbeidet ein har med kristne organisasjonar. Dette er ikkje underleg, trusopplæring krev særlege tolkingsrammer som ein lyt etablere saman med anna barne- og ungdomsarbeid i lokalsamfunnet og difor vert det mindre naturleg å samarbeide med dei andre frivillige organisasjonane. Samarbeidet med skulane som i dag òg har andre tolkingsrammer enn kyrkja er derimot stort (jf. nedanfor).

**Tabell 4 Barnehager i soknet / kommunen**

Barnehager	Prosent
1 - Lite/ingen ting	24
2	24
3	21
4	20
5 - Mye	7
Vet ikke	4
Totalt	100 (N=290)

Når det gjeld samarbeid med barnehagane (tabell 4) er tala meir overraskande. 48 prosent svarer at dei samarbeider lite eller ingenting (svaralternativ 1–2), medan 27 prosent svarer at dei samarbeider mykje (svaralternativ 4–5). Feltstudia fortel at kyrkjelydane vi har undersøkt, arbeider grundig med barnehagane, men samarbeidet går for det meste føre seg i adventstida, og som i samarbeidet med andre frivillige grupper er dette totalt sett ikkje stort kvantitativt. Dette kan forklare kvifor mange seier at dei ikkje samarbeider mykje.

**Tabell 5 Andre offentlige institusjoner i sokn/kommune (for eksempel helse, kultur-institusjoner)**

	Prosent
1 - Lite/ingen ting	39
2	29
3	16
4	7
5 - Mye	2
Vet ikke	7
Totalt	100 (N=291)

Tabell 5 viser tal om samarbeid med andre institusjonar, og tala stadfester òg inntrykket i feltstudia. Berre 9 prosent samarbeider mykje (svaralternativ 4–5) og 68 prosent svarer at dei samarbeider lite (svaralternativ 1–2). I feltstudia ser vi døme på at kyrkjelydar samarbeider med andre opplærings- og kulturinstitusjonar som den kulturelle skulesekken og fylkesmuseum. Det kjem altså føre eit samarbeid her, men det er nok kvantitativt marginalt vurdert mot den totale verksemda i kyrkjelyden. I tolkinga av desse tala lyt ein difor skilje mellom kvalitativt og kvantitativt. Vi ser at samarbeid med andre offentlege institusjonar vert sett på som viktig og difor prioritert, men i høve til den totale aktiviteten utgjer dette ikkje ein stor del. Sjølv om kyrkjelydane seier at dei ikkje samarbeider mykje med barnehagar og andre offentlege institusjonar om trusopplæring (tabell 4–5), treng ikkje det tyde at dei ser på det som mindre viktig. Det kan òg tyde at dei samarbeider, men ikkje om trusopplæring.

## 2.2 SAMARBEID MED SKULEN

«I arbeidet med menighetens trosopplæringstilbud, vil du si at dere har samarbeidet mye eller lite med følgende:»

**Tabell 6 Hender det at dere samarbeider med skolen i forbindelse med trosopplæringen?**

	Prosent
Nei, vi samarbeider generelt lite/ikke med skolen	6
Vi samarbeider med skolen, men ikke om trosopplæringstiltak	54
Det hender at vi samarbeider med skolen om gjennomføring av trosopplæringstiltak	37
Vet ikke	3
Totalt	100 (N=301)

Det er to poeng det er verd å merkje seg i tabell 6. For det første at berre 6 prosent seier dei samarbeider lite eller ikkje med skulen om trusopplæring, og at dei langt dei fleste seier dei samarbeider (91 prosent) anten med trusopplæring eller ikkje. For det andre at

størstedelen seier at dei samarbeider, men ikkje om gjennomføring av trusopplæringstiltak (54 prosent).

Overfor skulane er skiljet mellom skule og kyrkje kraftig markert av Kunnskapsdepartementet (2007), og i feltstudia kjem det òg fram mange døme på at kyrkjearbeidarane, skuleleiarane og lærarane er medvitne om dette skiljet. Undersøkinga indikerer altså at dei fleste er medvitne om den nye ordninga som markerer eit skilje mellom kyrkje og skule og er innstilt på å følgje opp dette.

Men mange (37 prosent) seier dei samarbeider med skulen om trusopplæringstiltak trass i dei nye ordningane for skulen. Ei forklaring på dette kan vere at dette arbeidet vert oppfatta som trusopplæring av kyrkjelydane, sjølv om skulane ikkje oppfattar det slik. Samanlikna med samarbeid med kristne organisasjonar (tabell 2) og med andre frivillige organisasjonar (tabell 3) er det langt fleire som seier dei samarbeider med skulen (tabell 6) om trusopplæring. I feltstudia finn vi døme på eit direkte samarbeid med skulen om gudstenester, konsertar og musikal, om bibelkurs og tiltak i samband med den tida barn går i skule- og fritidsordninga (SFO-tida). Det å høyre t.d. ei forteljing om Jesus frå Bibelen i eit bibelkurs på 5. trinnet eller sjå eit bilete av Jesus i kyrkja under ein ekskursjon kan vere tvitydig i høve til spørsmål om dette er trusopplæring; det kan verte oppfatta som forkynning eller som formidling av kunnskap, avhengig av kven som svarer. Ei orientering kan ha ulik verknad på ulike menneske i høve til haldningar, og på barn særleg. I feltstudia vart det kommentert av kyrkjearbeidarane sjølve at dei møter jo dei same barna over alt (Dalen). På små stader vil det fort verte slik i alle fall, og då kan det vere vanskeleg å skifte rolle for trusopplæraren eller for barnet å skifte perspektiv, og då vert det uklårt kva som er trusopplæring og kva som ikkje er det.

Ei anna forklaring kan vere at fritaksordningane i skulen verkar slik at desse kyrkjelydane no kjenner seg meir frie til å drive aktivitet på eigne premiss, slik at ei avslutningsgudsteneste vert tenkt som trusopplæring. Sentralt i denne samanhengen er kva ein oppfattar som trusopplæring, og vi kan skilje mellom trusopplæring i vid og trong meining. Vi drøftar dette punktet vidare nedanfor (punkt 4).

Kva som vert oppfatta som trusopplæring er òg temaet for spørsmålet knytt til tabell 7:

**Tabell 7 Det er vanskelig å finne ut hvordan vi skal forholde oss til skolen i trosopplæringsammenheng**

	Prosent
Helt enig	9
Enig	25
Verken enig eller uenig	24
Uenig	30
Helt uenig	10
Vet ikke	3
Totalt	100 (N=298)

Det går fram av tabell 7 at 34 prosent (heilt enig og enig) seier dei har vanskar med å finne ut av korleis dei skal stille seg til skulen i arbeidet med trusopplæringa (på bokmål: «å forholde oss til skolen i trosopplæringsammenheng»). Det indikerer ei usikker stemning i denne gruppa, og det er ei stemning vi kjenner att frå feltstudia. Fordelt på bispedøma ser vi desse skilnadene:

**Tabell 8 Det er vanskelig å finne ut hvordan vi skal forholde oss til skolen i trosopplæringsammenheng; på bispedømme. Prosent**

Bispedømme	Helt enig/enig	Verken eller	Uenige/helt uenig	Vet ikke	Totalt	N =
Oslo	49	11	38	3	100	37
Borg	33	25	38	4	100	24
Hamar	43	21	36	-	100	14
Tunsberg	43	10	47	-	100	30
Agder og Telemark	32	26	32	11	100	19
Stavanger	27	27	43	4	100	49
Bjergvin	30	29	38	4	100	56
Møre	36	50	14	-	100	14
Nidaros	19	14	67	-	100	21
Sør-Hålogaland	43	36	21	-	100	14
Nord-Hålogaland	16	26	53	5	100	19
Totalt	33	24	40	3	100	297

Dei observerbare skilnadene i tabell 8 er ikkje statistisk signifikante. Det er for få respondentar i dei ulike kategoriane til å kunne seie noko sikkert om skilnadene er reelle. Tek vi tala for gjeve, går det fram at det er i Oslo bispedømme respondentane seier dei har størst vanskar med å finne korleis dei skal stille seg til skulen i samband med trusopplæringa. Her seier 49 prosent at dei er heilt enig eller enig i at det er vanskeleg. Langt færre av respondentane i Nord-Hålogaland (16 prosent) og Nidaros (19 prosent) tykkjer at dette er vanskeleg.

Ei forklaring på dette fenomenet er at det er den fleirkulturelle konteksten i Oslo i møte med tradisjonelle og vanebaserte løysingar om samarbeid som gjer kyrkjelydane her meir

usikre enn andre stader i landet. Typiske folkekyrkjeområde kan spele på tradisjonar av semje om tiltak (kollektive handlingar), og det er meir oversiktlege forhold.

**Tabell 9 Det er vanskelig å finne ut hvordan vi skal forholde oss til skolen i trosopplæringsammenheng; på soknestørrelse. Prosent**

Soknestørrelse	Helt enig/enig	Verken eller	Uenige/helt uenig	Vet ikke	Totalt	N =
Under 1000	44	25	31	-	1	16
1000-1999	38	19	35	8	1	37
2000-4999	38	25	35	1	1	79
5000-9999	28	26	43	4	1	109
10.000 eller flere	33	17	48	2	1	54
Alle	34	23	40	3	1	295

Skilnadene i tabell 9 er heller ikkje statistisk signifikante. Vi kan såleis ikkje seie noko om i kor stor grad vi finn dei att i populasjonen. Denne tabellen indikerer at det er ein samanheng mellom storleiken på sokna og svaret på spørsmålet om ein tykkjer det er vanskeleg å ta stilling til skulen i samband med trusopplæringa. Den største delen av tilsette i dei store sokna er usamde i påstanden og seier at dei *ikkje* finn dette sambandet vanskeleg. Ein større del av dei små sokna er samde; dei tykkjer det er vanskeleg. Men ein skulle kanskje tru at det var vanskelegare i store sokn der forholda er større. Ei forklaring kan vere at det i slike sokn er utfordringane såpass tydelege at det er trekt klårare grenser mellom skule og kyrkje.

### 3 FELTSTUDIUM MED INTERVJU

Vi presenterer her dei seks kyrkjelydane som vart undersøkte nærare i feltstudia (case): anonymiserte som Åsen, Dalen, Lien, Sletta, Skogen og Viken.

#### 3.1 ÅSEN KYRKJELYD

Åsen er ein av to kyrkjelydar som er ei «eining» i organiseringa av trusopplæringa. Han er eit døme på ein vestlandsk kyrkjelyd i ein situasjon og med problemstillingar som ikkje er så ulike det vi finn i dei to kystbyane i Nord-Noreg som er med i feltstudia i denne undersøkinga (Viken og Dalen). Alle desse kyrkjelydane har stor oppslutnad om sentrale overgangsritar og mange nominelle medlemmer som *kan* vere med på kyrkjelege aktivitetar når dei vert særskild inviterte til det og ved høgtidsmarkeringar. Det meste av det organiserte læringsarbeidet i desse kyrkjelydane fell på dei fast tilsette, men legg ein saman alle dei som faktisk er med som frivillige, vil ein sjå at det òg er ganske mange (t.d. foreldre i korarbeid).



Åsen er ei bygd prega av mykje pendling. Bygda har eit rikt kulturliv og kyrkjelyden har to kyrkjer med lange tradisjonar. Dette er ei tradisjonell folkekyrkje der trusopplæringa har vore med å endre gudstenestekulturen med å setje barnet i sentrum. Trusopplæringa er sentrert kring song- og korverksemd. Kyrkjelyden legg vekt på å gje barn opplæring i nattverden og legg praktisk til rette for at barn skal ta del i nattverdsfeiringa. Her er ikkje ungdomsarbeid etter konfirmasjonen, noko som vert forklart med at unge flyttar frå bygda for å gå på vidaregåande skule.

Alle intervjuar stadfestar at Åsen kommune har eit rikt kulturliv med mange tilbod til barn og unge til dømes innan idrett, musikk og teater. Åsen kyrkjelyd samarbeider med dei kommunale institusjonane på dette feltet i hovudsak på tre måtar. Samarbeidet om musikklivet i bygda er det mest sentrale. Krumtappen her er kyrkja sin kantor som har vore tilsett i stillinga i snart tjue år. Men allereie før hans tid var det fleire kristne kor og eit ungdomskor (Ten Sing). Bygda har no fire kyrkjekor, dels sentralt lokaliserte, dels meir perifert. Kantoren samarbeider med andre kyrkjelydar og regionale og lokale lag og organisasjonar, samt med kulturavdelinga i kommunen. Når kulturskulen annonserer sine tilbod er det kyrkjelege kortilbodet inkludert. Kulturskuleelevar og lærarar deltek på nokre gudstenester og konsertar. Eit døme på slikt samarbeid er høgtidsarrangement lagt til sentralkyrkja tett oppunder jul. Nyleg var dette arrangementet ein storkonsert med julespel der kora, korpsa, einskilde kulturskuleelevar, lærarar, spelemannslag og kyrkjetilsette hadde jobba saman nesten heile hausten fram mot den eine framføringa i kyrkja på kvelden den siste skuledagen i desember. Eit anna døme er kommunalt og kyrkjeleg samarbeid om songtilbod til foreldre med små barn (babysong og/eller småsong). Kulturskulen og helsestasjonen var først ute med dette tilbodet. Dei kyrkjeleg tilsette tok for nokre år sidan kontakt og fekk ein avtale om at kyrkja skulle ha ansvaret for arrangementet om lag fjerde kvar gong. Då syng dei både kristne songar/bønner og andre songar.

Den andre samarbeidsmåten gjeld konfirmantane. Blant dei mest populære aktivitetane i konfirmasjonstida er den såkalla nattcupen der ulike konfirmantlag tevlar i fotballspel. Fleire kyrkjelydar har gått saman om dette tiltaket som òg involverer kontakt med dei lokale fotballaga. Inntrykket er likevel at ut over dette einskilde arrangementet er det idrettstilboda som set premissa, det vil seie at når det gjeld tid og stad tilpassar dei kyrkjelege aktivitetane seg idretten.

Den siste typen samarbeid gjeld SFO-ordninga. Ved dei fleste av dei fire aktuelle grunnskulane i kommunen er det opning for at kyrkjelege aktivitetar kan leggjast til skulelokala i SFO-tida. Mange av informantane, både kyrkjetilsette og foreldre som gjerne sit i utval eller er frivillige støttespelarar i kyrkja sitt barnearbeid, fortel om eit godt praktisk samarbeid mellom dei SFO-ansvarlege og kyrkja. Viktigast er her kora som øver på skulene i SFO-tida. Ein kyrkjeleg medarbeidar for trusopplæringa fortel at samarbeid mellom kyrkje og skule er tettare i nabosoknet (som Åsen er i eining med) enn i Åsen, men dette kjem truleg av at dei to kyrkjelydane arbeider noko ulikt med trusopplæringa. Medarbeidaren, som er tilsett i 50 prosent stilling, likt fordelt på dei to kyrkjelydane, meiner likevel at det ligg eit potensiale for trusopplæringsaktivitetar i ramma av SFO-ordninga.

Det generelle kultur–kyrkje-klimaet som desse samarbeidsmåtene vitnar om, finn ein stort sett igjen i det meir detaljerte kyrkje–barnehage-/skulesamarbeidet i Åsen. Til dømes får presten kome og informere om kyrkjeleg konfirmasjon på ungdomsskulen. Og lappar med informasjon om høvelege kyrkjelege aktivitetar vert sette opp på oppslagstavler i barnehagar og skular. Informantane stadfestar til dels òg at kyrkja får sende informasjon med borna heim.

Åsen har ein solid tradisjon med høgtidsgudstenester for barnehagane og skulane. Særleg presten, men òg kantoren, er drivkreftene i dette arbeidet. Presten vitjar barnehagane eit par gonger i året, og barnehagane kjem på gudsteneste med song, forteljing og liturgisk bøn på føremiddagen siste dagen før juleferien. Ein eldre førskulelærer, som vart intervju av di ho sit i utvalet for trusopplæring, fortel at ho var initiativtakar for mange år sidan til dette samarbeidet. Før påske vert barnehagebarna inviterte så dei kan utforske kyrkjerommet. Når foreldra får informasjon om desse tilboda, kan dei òg velje eit alternativt tilbod, men det er særst få som gjer dette. Muslimske barn og barn av humanetikarar deltek, og sjeldan, men av og til òg barn frå Jehovahs Vitne, seier informantane.

Ingen av intervju frå Åsen legg vekt på eit prinsipielt skilje mellom kyrkjeleg trusopplæring og skulen si opplæring, slik ein finn det i fleire av intervju frå dei andre kyrkjelydane i feltstudien. En nyleg årsrapport frå soknerådet i Åsen fortel at kyrkja gjerne vitjar skuleklasser og ønskjer skuleborna velkommen til kyrkja ved ulike høve. Ei relativt ny ordning er at kyrkja tilbyr skulane eit 4-timarskurs («Vandring gjennom Bibelen for born») som ein del av RLE-faget på femte trinn. Ei mor som vart intervju er lærar og fortel om skule–kyrkjesamarbeidet i Åsen:

Vi har jo mye, dette vanlige med skolegudstjenestene har jo vi hatt. Men også prøver vi å legge opp til besøk i kirken, der det ikke er organisert noe. Sånn at en og en klasse kan ta seg en tur og bli kjent med kirkerommet og rutiner og snakke med prest og. Og så har jo presten bibelvandring med den, det tar vel fem timer, så han kommer inn og tar et tema, og vert kjent med bibelen. Men de aktivitetene som, jeg tenker på den påskevandringen og de, det vert jo utenom skolen, det er jo sånn som en får brev om. Så det er jo kun foreldrene som kan bestemme.

Desse fråsegna frå mora/læraren kan tolkast slik at kyrkja tilbyr mange aktivitetar, nokre i ramma av RLE-faget (ein kyrkjeleg årsrapport omtalar «eit fast opplegg med «Sjekkeboka» for 4. klasse – der målet er å sjekke ut kyrkja og kyrkjerommet»), nokre som ei fast samarbeidsordning (same årsrapport seier at «skulegudstenestene vert førebudde saman med skuleelevar») og nokre utanom skuleverksemda. Men informasjonen om dette går (oftast?) gjennom skulen, og mora/læraren talar om tilboda ganske samstundes. Ho seier òg at RLE-faget i skulen har ført til mykje mindre tid til undervisning om kristendommen. Difor synest ho det er fint at det finst andre arenaer der barna kan lære meir. Ho fortel òg om den siste desembermånaden der skulebarna hadde teke del i eit stort prosjekt i RLE og musikk som hadde enda opp med ein stor julekonsert:

Ja, det var sang, da, det var ...nei, det var konsert, [...]. Så da ble det jo veldig mye brukt, og veldig mye tekst vi skulle lære. Og i den teksten ligger jo hele juleevangeliet nesten, så vi

analyserte, pugget tekst og snakket om tekst og øvde inn med hele skolen, så hele skolen var her nede. Så da ble det jo masse øvinger og generalprøver og, ja. Det ble en veldig stor aktivitet rundt kirken og.

Det som denne mora fortel om er trulig same storkonserten med julespel som er nemnt ovanfor. Ho fortel at dette arrangementet ikkje vart rekna som skulen si avslutning til jul. Men for dei fleste skulane i bygda verker det som om ein i mange år hatt både jule- og påsegudsteneste før desse feriane.

Av intervju med dei to kyrkjetilsette som er mest oppdaterte, kyrkjeverja og kantoren, går det fram at medan hevdvunne skule–kyrkjetradisjonar har halde fram ved dei fleste av dei fem grunnskulane i kommunen, har éin av skulane lagt opp til endring. Kantoren fortel at den sentrale barneskulen i bygda i fleire år har hatt to skulegudstenester, éi til jul og éi til påske. Dei andre skulane har ikkje hatt same tilbodet, difor skal det no lagast ein ny plan med meir samordning. Grunnen til dette er dels at soknepresten har vore på kurs i regi av bispedømmet om skule–kyrkjesamarbeidet og at «det har vært litt tvil nå i det siste om hva som er lov til å gjøre egentlig.» Kantoren fortel at prosten har kommentert opplegget dei har hatt for skulegudstenestene i bygda dei siste åra. Slik han refererer prosten, meiner denne at Åsen har gått over ei grense som både har ført til at gudstenesta har vorte «utvanna» og at ordninga med fritak ikkje har vorte reell. Årsaken til denne utviklinga meiner kantoren er at rektoren ved den sentrale barneskulen i bygda har meint at ein måtte endre skulegudstenestene for at dei skulle vere lovlege.

K(antor): I og med at vi har tatt litt for mye hensyn til det som, spesielt den ene rektoren her, synspunkt om at det skal ikke være noe forkynning, det skal bli mest mulig nøytralt. Men nå har både prosten og biskopen gått litt ut og sagt at vi skal jo presentere gudstjeneste slik det skal, for vi følte også oss litt ukomfortable i dette, at vi fikk ikke lov å ha noen bønnesanger og litt for tull.

I(intervjuer): Fikk ikke dere lov til å ha bønn?

K: Nei, det var bare den ene rektoren, de andre var jo veldig positive og tar i mot alt vi gjør, men den ene barneskolen her i Åsen har vi hatt litt problemer med at rektoren mener det skal være litt sånn nøytral gudstjeneste. Og da er det jo litt problem at du har lov å fortelle, men ikke forkynne. Og samtidig som vi er begynt med den nye liturgien der det egentlig er meningen at hvis folk kommer på skolegudstjeneste, så skal de lære hvordan en gudstjeneste er i den norske kirken. Og hvis en gudstjeneste i Den norske kirke nå er veldig mye deltakelse og involvering av barnet for eksempel, og da får vi beskjed, vi har ikke lov å putte ord i barnets munn som er ikke sant, at presten må bare lese alt fordi det kan ikke barnet si eller synges eller. Da vert det problematisk. Men det er beskjeden vi har fått fra prosten som er biskopens mening, at vi må kjøre den gudstjenesten slik det hadde vært en vanlig gudstjeneste, at de skal bli kjent med den norske kirkens gudstjeneste, så må de bare bruke dette her fritaket.

Kantoren fortel at det har vore lite fritak frå skulegudstenestene. Han stadfestar at dei fleste minoritetsforeldra har late barna sine vere med i samarbeidstiltaka. Han vedgår at det var litt spesielt å ha med ei muslimsk jente frå eit asiatisk land i barnekoret som song både på den store julekonserten og på dei andre skulane si julegudsteneste. På konserten

var det «en humanetiker med barn leste disse tekstene med Jesu fødsel og sånt, han var jo satt til å lese det, og gjorde det veldig fint.» Kantoren skryt av rektoren ved den sentrale skulen av di han tok del i samarbeidet om julekonserten. Dei siste åra har nemleg denne skulen delvis gått vekk frå den kristne tradisjonen i juleavslutninga si, skulen har hatt «en helt nøytral julefest eller førjulsavslutning», til dømes med lokale tradisjonar frå gamle dagar eller ulike typar festmat frå andre kulturar. Kyrkjevevja i Åsen seier han vonar skulegudstenestene kan halde fram. Han opplyser at det snart skal vere bispevisitas og då vil biskopen ha eit møte med alle dei fire aktuelle skulane og at temaet skal vere skule-kyrkesamarbeid.

### 3.2 DALEN KYRKJELYD

Dalen kyrkjelyd ligg i ein større kystby i Nord-Noreg. Kommunen ligg for det meste på fastlandet, men òg på nokre øyar utanfor. I kommunen finst det eit stort utdanningstilbod og byen har såleis mykje ungdom som bur på hybel og dreg heim i helgene. Desse er det vanskeleg å få tak i. Dalen kyrkjelyd ligg i ein forstad til byen med både gamal og ny busetnad. Kyrkjelyden har fire kyrkjer og eit rikt aktivitetstilbod. Informantane seier at trusopplæringa har ført med seg mange nye aktivitetar og ei styrka vidareføring av det eksisterande barne- og ungdomsarbeidet. Ein har ganske gode ressursar med fleire tilsette og frivillige som har engasjert seg i arbeidet med trusopplæring. Det er mange tilbod i byen under eitt og barn, ungdom og foreldre er difor særskilt aktivitetsorienterte, noko som ein kan tenkje smittar over på korleis familiane brukar tilboda i kyrkja.

Med over 15000 medlemmer er Dalen den største kyrkjelyden i kommunen, men skal snart få nytt kyrkjebygg i tillegg til det gamle, noko som vil føre til ei viss deling. I Dalen som i Viken er det misnøye med at pengane til trusopplæringa går sentralt til fellelrådsstillingar eller prostistillingar. Problemet ser her ut til å vere at dei ikkje får sett personar inn det arbeidet dei sjølve meiner er mest nødvendig.

Området rundt Dalen kyrkje har lange tradisjonar som sete for embetsverket i området. Her var sorenskrivar, prestegard, byens første sjukehus og landbruksskule. Dalen kyrkje er ei mellomalderkyrkje frå 1100-tallet og er populær både til konsertar, vigslar og som turistmål. Nært til den gamle kyrkja ligg eit kultursenter og museum. Kyrkja har eige hus med stor hage inntil kyrkja.

Dalen kyrkjelyd er særskilt utstrekt geografisk, noko som får praktiske konsekvensar for kyrkja og samarbeidet med andre. På grunn av den langstrakte forma på kyrkjelydsområdet er folk avhengige av å bruke bil for å delta i gudsteneste og annen aktivitet i kyrkja. Kollektivtilbodet vert vurdert av folk som mangelfullt.

Området er i det heile rikt på tradisjonar, og barn og ungdom verkar kjenne denne lokalhistoria godt. Dalen kyrkjelyd kan ein karakterisere som ei folkekyrkje med gamle tradisjonar som kyrkjelyden veit å bruke. Innanfor dei geografiske grensene åt kyrkjelyden ligg det òg eit læstadiansk forsamlingshus. Læstadianarane var tidlegare støttespelarar i

kyrkjearbeid, men trekkjer seg no meir og meir ut, seier soknepresten, noko dei grunnjev med liberaliseringa i kyrkja. Dei har såleis skipa eigen konfirmasjon og konfirmasjonsundervisning for sine ungdommar.

Det er mange medarbeidarar i Dalen som arbeider direkte eller indirekte med trusopplæringstiltak, nye som gamle. Her er to prestar og to kateketar/trusopplærar. Kyrkjelyden søkte om, men fekk aldri pengar til gjennomføring av tiltak i forsøksfasen. Det eigentlege reformarbeidet har såleis berre vore driven eit par år.

Dei tilsette presiserer i intervjuet at skule–kyrkjesamarbeidet ikkje vert definert som trusopplæring. Ein av trusopplærarane seier at både barneadventssamlingane, barnehagesamlingane og skulegudstenestene ligg utanfor planen for desse har «eit anna føremål». Men, det er jo dei same ungane vi møter, som ho seier, noko som ikkje gjer det lett å skilje mellom trusopplæring og ikkje trusopplæring. Medan dei før hadde gudstenesteavslutningar til jul og påske, har dei no berre ein gudsteneste før jul som då er frivillig for elevane å vere med på (fritaksordning). Dei har òg sett i gang eit tilbod om påskevandring som dei vonar kan få same oppslutnad for skulen er positiv. Kateketen har tidlegare arbeidd i Oslo og seier at det er mykje lettare å pleie kontakten med skule og barnehage her i denne kyrkjelyden. Her er alle positive til samarbeid, òg dei private barnehagane. Dalen kyrkje har ein særleg plass i dette arbeidet med si 800 år lange historie. Mange klassar spør om å få kome og sjå på kyrkja og det er utarbeidd opplegg og eit fast samarbeid med 4. og 8. klasse. 4.-klasse har ansvar for opplegget kring julegudstenesta.

Soknepresten stadfestar òg den posisjonen som kyrkjebygget og kyrkjelyden har i dette området i høve til skulane og barnehagane. Han seier at det er eit langt og godt samarbeid med skulane, men viser òg til at dei har gått frå to gudstenester i året til éin (vår og jul til berre jul). Men det er lett å få skulane med på ekstra arrangement, t.d. til påske. Eit problem er at nokre skular er for langt unna den gamle kyrkja til at dei kan dra ofte dit, men no får dei ny kyrkje nærare desse skulane i «utkantene». I og med at kyrkja er så utstrekt er ein heilt avhengig av transport til kyrkja frå skulane. Kommunen har eigne bussar til transport, men det er ikkje nok til å transportere heile skulen, berre klassar. Difor må kyrkja i staden dra til skulane for å halde gudsteneste.

Det er litt skilnad mellom skulane (avhengig av rektor si haldning) når det gjeld kva for kristen høgtid som vert markert. På den eine skulen markerer dei òg pinse saman med kyrkja. Dette er ikkje noko formalisert samarbeid, ulike klassetrinn har ulike prosjekt i kyrkja. 4. klasse har kyrkjebesøk og ansvaret for gudstenesta til jul, og så kjem dei attende etter jul på nytt besøk. Det er òg eit særleg godt samarbeid med ungdomsskulane. Musikkseksjonen på skulen stiller opp og spelar under gudstenesta, og lærarane stiller opp og syng! Han peikar på at dette har samanheng med at dei har særleg gode musikkarbeidarar i kyrkja som samarbeider med desse musikk lærarane:

Der stiller musikkseksjonen med masse folk som vil spille og synge i kirken, og synes det er stor stas. Ja, det var den gudstjenesten jeg hadde til jul i år, det var en opplevelse rett og slett altså, lærere som stiller opp og synger, det var altså så helt utrolig flott. Det var en sånn, der

er det jo viktig også at vi har gode kantorer som kan spille med de altså. Han begynte å spille «Mitt hjerte alltid vanker», spilte han på orgelet, nærmest improvisasjon, hvorpå bare han pianisten som skulle akkompagnere og synge sammen med han andre læreren tok over. Det var så stille i kirken, det var liksom at du kunne ta og føle på stillheten. Så det er klart, det skapes noe spesielt når du får et godt samarbeid.

I høve til den vidaregåande skulen (om lag 1050 elevar) har dei eit dårlegare samarbeid. Her er det heller ingen gamle tradisjonar å spele på, men nokre klassar kjem på besøk for å ta kyrkjebygget i augesyn.

Den andre presten har ansvar for den delen av kyrkjelyden som no får nytt kyrkjebygg. Ho har hovudansvaret for samarbeidet med dei to barneskulane i dette området. Ho peikar òg på dette med at dei må ha skulegudsteneste på skulen for det er for dyrt å få heile skulen til den gamle kyrkja, så det vert gudsteneste i gymsalen. Men no vert det ny kyrkje og kanskje eit heilt anna samarbeid. Ho har prøvd med påskekudsteneste i gymsalen, men slutta med det, og vil heller vente til nykyrkja kjem. Det vert òg skipa til bibelutdeling og kurs for 5.-klassingar, men det er mogleg at pengane vert omprioriterte no. Når skulane kjem på besøk til gamlekyrkja, er dei gjerne oppteken av arkitekturen i kyrkja og altertavla frå 1600-talet, og her kan skulen trekkje inn kunst- og handverkfaget. Skulen er positive til dette sjølv om dei som arbeider med dette skulen ikkje har noko direkte tett tilknytning til Den norske kyrkja:

Og når det er positivt foreløpig også, så jeg samarbeider jo med inspektører og rektorer og sånn som ikke er medlem av kirka eller ikke har den tilknytningen likevel ser at det er viktig at eleven skal lære seg noe om...

Skulane var inviterte og var med på grunnsteinsnedlegginga av den nye kyrkja, for ho ville at dei skulle få eigarforhold til kyrkja og at det på den måten skulle leggjast til rette for vidare samarbeid. Når det gjeld barnehagane har dei adventssamlingar og stort sett kjem dei alle. Dei har òg kombinert desse samlingane med eit musikalprosjekt med familiekoret i kyrkja og barnehagane lagar ting og gjenstandar til bruk under gudstenesta som førebuing til samlingane før jul.

### 3.3 LIEN KYRKJELYD

Lien kyrkjelyd er den eine av to urbane austlandskyrkjelyder som til saman er ei felles eining i trusopplæringsarbeidet.

Lien er ein storbykyrkjelyd der folk flyttar mykje til og frå. Dei tilsette har høg fagleg kompetanse og er opptekne av å levere kvalitet til låg pris. Ein kan skildre kyrkjelyden som open og inkluderande. Her ligg vekta på formidling av tru og tradisjon, og ein konsentrerer seg om arbeidet med dei yngste barna. Vi finn eit tett samarbeid med nabokyrkjelyden som har fleire kontinuerlege tiltak. Trusopplæringa er prega av få tiltak med høg kvalitet og kyrkjelyden knyter til seg verksemder i kristne organisasjonar som driv dei kontinuerlege tiltaka. Det gjer at barna stort sett berre møter kyrkja gjennom dei punktuelle tiltaka. Det er

heller ingen tiltak etter konfirmasjonen. Mykje av fokus i trusopplæringstiltaka er å gjere seg kjend for barnefamiljar.

I høve til nokre tiår tilbake bur det no svært mange småbarnsfamiliar i det aktuelle området, noko som sett preg på tiltaka i trusopplæringa. Dei kyrkjeleg tilsette i Lien teiknar eit ganske likt bilete av samarbeidet mellom kyrkjelyden og dei kommunale institusjonane, både det som finst og det dei kunne ønskje seg. Her er til dømes ikkje noko aktivt regelmessig samarbeid mellom trusopplæringa i kyrkjelyden og idrettslaga, aktivitetane til kulturskulen og andre fritidstilbod. Nokre lokale skulemusikkorps har spela på arrangement i regi av trusopplæringa, til dømes Lys vaken, men slikt lyt dei avtale frå gong til gong. Trusopplæraren fortel likevel om planar for eit meir aktivt samarbeid, mellom anna med den lokale fotballklubben og teater- og dansegrupper.

Tilhøvet til dei kommunale institusjonane kan òg innebere utfordringar for barne- og ungdomsaktivitetane til kyrkjelyden. Nyleg vart eit kyrkjeleg barnekor lagt ned, dels av di det skulle startast eit skulekor med øving i SFO-tida. Både kapellane og trusopplæraren i Lien har likevel tru på at tida etter skuletid er strategisk viktig for dei kyrkjelege tilboda. Når barna sluttar å gå på SFO, gjerne i 8- eller 9-årsalderen, ville det ha vore fint om det var eit slags «kyrkje-SFO» å gå på før foreldra kom heim, meiner dei.

Kapellane og trusopplæraren nemner begge at det økonomiske aspektet er ei utfordring med tanke på kva som skal reknast som trusopplæring og kva som ikkje skal det. Dette gjeld i første rekkje tilhøvet mellom dei aktivitetane som vert drivne av frivillige kristne organisasjonar og dei nye breiddetiltaka / dei diskontinuerlege tiltaka i trusopplæringa. Kapellane fortel: «Alt defineres jo som trosopplæring nå, men det er ikke noen midler i trosopplæringsbudsjettet til søndagsskolen. Det er heller ikke noen midler for konfirmasjon.»

Denne substansielt sett vide tydinga av omgrepet trusopplæring viser seg òg når kapellane taler om skule–kyrkjesamarbeid. På den eine sida er dette noko som ligg utanom trusopplæringa («Fordi tidligere var man veldig obs på at man ikke skulle blande skole–kirke-samarbeid og trosopplæring.»). På den andre sida dreier sjølve saka seg om trusopplæring. Kapellane (og dei andre kyrkjeleg tilsette) omtalar alle dette arbeidet på ein sær sars positiv måte.

K (kapellane): Det har fungert helt supert. Fra kirken sin side, så er det jo trosopplæring det også. Særlig de siste årene så har skolene selv satt opp julespill og påskespill, enten som jeg foreslår, eller faktisk nå til påske, så lagte læreren et påskespill selv, som jo var mye mer kristelig enn jeg hadde turt å foreslå for dem.

I (intervjueren): Som de hadde her?

K: Som de hadde i kirken. Det er alltid et klassetrinn som har ansvar for julegudstjenester og et annet som har ansvar for påskekudstjenester.

I: Så når du sier lærerne ...?

K: Det var læreren som lagte det forrige. Så det er jo masse trosopplæring i det. Og så definerer jeg det som skole–kirke-samarbeid. Men vi har trosbekjennelse og fadervår og velsignelse og synger jule- og påskesalmer. Og det er preken som da gjerne er noe elevene har laget, eller i hvert fall øvd inn, og så gjerne en liten refleksjon i tillegg.

På nettsidene til den aktuelle barneskulen omtalar dei julegudstenesta som vart halden på slutten av den siste skuledagen i 2011. Der går det fram at denne gongen var det presten som hadde laga julespelet og alle songane som vart sunge. Etter tradisjonen har eit visst årstrinn særleg ansvar for song og framføring på denne gudstenesta. Av di desse elevane kunne songane så godt, slo songane an, heiter det. Nettsidene gjev og informasjon om skulen sitt alternative opplegg for dei som hadde meld fritak frå gudstenesta. I 2011 hadde om lag ein fjerdedel av elevane vore med på det alternative opplegget.

Organisten i Lien fortel at det er prestane som stort sett har kontakten med skular og barnehagar. Av intervjuet med trusopplæraren går det fram at ho òg identifiserer seg med dette arbeidet:

Men skole, det er jo ikke trosopplæring da, men til julespill og sånt, så inviterer vi en skoleklasse til å delta på julespill i kirken til jul. Da sender vi alltid ut brev, og så kommer de som vil og kan. Vi har jo skole-kirke-samarbeid, men det er jo ikke del av trosopplæringen for vi har jo ikke lov å ... det var i hvert fall ikke lov før.

Diakonen i Lien fortel at det er ein god dialog mellom kyrkja og den skulen dei samarbeider med. Før høgtidsgudtenestene er det eit intensivt øvingsarbeid med borna som skal framføre i kyrkjerommet. Han meiner det er skulegudsteneste før jula og sommarferien, men er litt usikker når det gjeld påska. Han kjenner til at det har vore mykje større friksjonar på dette feltet i nabosokna.

Dei kyrkjeleg tilsette i Lien kjem alle inn på det fleirkulturelle mangfaldet i bydelen. Organisten hevdar, dels på grunn av kleda borna går med, at mange med muslimsk eller annan framandkulturell bakgrunn er med på skulegudstenestene. Kapellanen er samd i dette og legg til:

Av og til er det [en] muslim med og tenner lys for eksempel, under forbønnen, og er med å synge sanger, det er opp til foreldrene. Noen ganger kommer en herlig gutt som har far som er imam, kommer og gjerne stille spørsmål etterpå, om likheter mellom kristendom og islam og har veldig mange tanker rundt det.

Ein finn òg eit liknande kulturelt mangfald i Lien kyrkjelyd sin barnehage med utvida føremålsparagraf. Tilhøvet til eigen kyrkjebarnehage seier ikkje så mykje om samarbeid med andre institusjonar, men i dette tilfelle viser det eit samsvar med eit kulturelt mønster (fleirkulturelt) elles i lokalsamfunnet og difor relevant i denne samanhengen. Ei mor med førskule- og skulebarn, som tek del i trusopplæringa i Lien, hevdar at det er mange muslimar som går i denne barnehagen. Ho omtalar Lien kyrkjelyd som eit miljø der ein er open for dialog, at ein ikkje snakkar om «din Gud» og «min Gud», men talar om gudstru på ein sjølvsaugt og liketil måte. Trusopplæraren understrekar òg mangfaldet, og ho på si side meiner det er mange katolikkar og andre som går i Lien kyrkje, og som har barn i denne



barnehagen: «Den fungerer fint, men den er ikke mitt, den driver jo ikke vi. [...] de har sitt eget samarbeid med kirken som de alltid har hatt, jevnlig møte med prest og delta i gudstjeneste og sånne ting.» Ho kjenner til, men identifiserer seg mindre med dette arbeidet, sjølv om ho vedgår at «når vi har tiltak, så slenger vi inn en invitasjon i hylla til seksåringene som vi vet kan være interessert.» Truleg ymtar trusopplæraren om ei selektiv informasjonsordning når ho her føyer til at katolikkane jo har si eiga trusopplæring.

Kapellanen gjev fleire detaljar om kyrkjelydsbarnehagen. Prest eller diakon har tidlegare vore hos dei med jamne mellomrom. No har ho, saman med styraren i barnehagen, bestemt at tredje kvar veke skal det vere andakt i kyrkjerommet. Borna går syngande i prosesjon frå våpenhuset og inn. Ho fortel og at barnhagen er på gudsteneste minst ein gong i året. Då har dei eit fast opplegg med faste liturgiske ledd. Samstundes tek dei heile rommet og alle sansane i bruk når dei møter bibelforteljingar. Det er mykje trusopplæring i dette, seier ho, men det vert ikkje definert som trusopplæring.

Kapellanen fortel òg om dei mange offentlege barnehagane som dei har eit breitt samarbeid med, ikkje minst vert desse inviterte til gudsteneste føre jul. Det finst òg ein institusjon for psykisk utviklingshemma som kyrkjelyden samarbeider med om høgtidsarrangement. Men alt dette ligg utanfor trusopplæringa. Det hender at barnehagar og skuleklasser tek kontakt og vil ha omvising i kyrkja. Og kyrkjeleg tilsette kan vitje elevgrupper (klasser) på skulen. (Intervjua med dei tilsette i Lien går ikkje inn på eit eventuelt samarbeid når det gjeld RLE-faget.) Til ein viss grad har kyrkjelege tilsette fått bruke skulen som informasjonskanal for breiddetiltak som til dømes Lys vaken. Men, seier kapellanen, her er dei varsame av di dei veit at det kan kome kritikk.

### 3.4 SLETTA KYRKJELYD

Den sørlegaste kyrkjelyden som er studert i undersøkinga er Sletta kyrkjelyd. Geografisk fell kyrkjelyden saman med Sletta kommune.

Sletta kan ein karakterisere som ein aktiv foreiningskyrkjelyd med karismatiske innslag. Bygda har òg to større frikyrkjer som har sett preg på kristenlivet dei seinare åra. Sletta er ei bygd med mykje tilflytting og ny busetnad. Bygda har tre kyrkjer og eit stort barne- og ungdomsarbeid. Med trusopplæringsreforma valde ein å setje i gang ei rad nye tiltak i tillegg dei som alt var der. Dette arbeidet er drive av ein lønna trusopplærar, men det har eit tydeleg preg av å vere eit lagarbeid som mange av dei tilsette er med på. Sletta er prega av mange nye og kreative aktivitetar, men det er ikkje alltid like lett å få tak i frivillige til alle desse aktivitetane.

Det går fram av nettsidene til kommunen at kommunen har eit vell av idretts- og kulturtilbod for barn og unge. Den kommunale kulturskulen organiserer mange aktivitetar. Dei kyrkjelege tilsette i Sletta kunne nok tenkje seg samarbeid med dei kommunale tilboda, men dei innsåg at ressursane deira ikkje strekte til. Det er difor tilfeldig og personavhengig om til dømes eit born eller ein ungdom som er med og syng eller spelar under ei

gudsteneste òg er elev ved kulturskulen. Det er altså ikkje noko aktivt samarbeid mellom kyrkja si trusopplæring og dei offentlege institusjonane sine tilbod. Frå kyrkja si side er parolen at ein ikkje skal leggje aktivitetar for trusopplæring til ettermiddags- og kveldstid av di ein då lett vil konkurrere med andre tilbod. Eit foreldrepar som vart intervjua fortel at dei i eit par år har vore med i eit kyrkjekor for heile familien saman med barna sine. Då øvingstida for koret fall saman med tilbodet til kulturskulen om ballettdans for barn, let dei den yngste dottera velje kva ho ville drive med, og dei klandra ikkje at ho valde balletten.

I Sletta kyrkjelyd forsto dei raskt at tid og stad var sentrale faktorar for trusopplæringa. Forutan helger fann dei at timane rett etter skuletid ville vere gunstige, dvs. tida då mange av dei små borna var på skule- og fritidsordning (SFO) i skulelokala. Kapellane fortel til dømes om korleis dei la åtteårsklubben til SFO-tida. Dei hadde hatt eit ganske omfattande arbeid med å skaffe fullmakter frå foreldra til å hente borna på skulen, informere dei SFO-ansvarlege om dette og organisere køyring til kyrkjelokala og tilbake, alt for at organiseringa skulle verte trygg og oversiktleg. Nokre startvanskar hadde det vore, men desse vart løyste og det heile førte til positive haldningar hos dei ulike impliserte partane.

Når det gjaldt femårsklubben, hadde dei kyrkjeleg tilsette først ønskt å gjennomføre han i barnehagelokala i kommunen, men hadde innsett at det var problematisk prinsipielt. Dei valde då same omstendelege framgangsmåte som nemnd ovanfor (SFO og åtteårsklubben), med å hente barna ut av barnehagane og køyre dei til og frå kyrkjelokalet. Nokre førskulelærarar hadde først vore kritiske (det førte til noko ekstra arbeid for dei), men hadde snudd i haldninga si. Minstejenta som dansa ballett (sjå ovanfor) hadde gått på femårsklubben i barnehagetida. Foreldra hennar skytte av ordninga, og ho sjølv hadde likt godt både hentinga (ho var kjend med dei frivillige eldre køyraryane) og det dei dreiv med på klubben.

Dei kyrkjeleg tilsette i Sletta er raske til å understreke at trusopplæring og såkalla skule–kyrkje-samarbeid er to ulike ting. Ho som er tilsett som trusopplærar seier det slik:

Vi har vært veldig tydelig på å skille mellom skole-kirkesamarbeid og trosopplæringsarbeid. Fordi at skolene er veldig tydelig på at de ikke skal ha noe som helst sånn forkynnelse. Og trosopplæring kan være forkynnende. Det skal ikke skole-kirkesamarbeidet, nei barnehage-, skole- og kirkesamarbeidet.

Og så fortel ho om korleis dei starta åtteårsklubben og femårsklubben. Men korkje skulen eller barnehagane kan lenger brukast som informasjonskanal om kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid.

I Sletta er det kateketen som har vore tradisjonsberaren når det gjeld skule–kyrkje-samarbeidet. Han fortel om korleis det var før (truleg på 1990-talet og nokre år inn i 2000-talet då skulefaget heitte kristendoms-, religions- og livssynskunnskap, KRL), og gjev som døme at han då kunne dele ut bøker (truleg bibel eller nytestamente) på skulane. Fleire av dei kyrkjeleg tilsette hevdar at etter nokre år med skepsis og redsle for feilsteg frå skulen si side, verker det no som om ting har roa seg og det er lettare å kontakte skulane. Av intervjuet går det klart fram at Sletta kyrkjelyd har ein plan for skule–kyrkjesamarbeid. Den

inneheld avtalar om påske- og julevandringar for elevane i kyrkjerommet, julegudsteneste og besøk av kyrkjetilsette til skulen. Kapellane, trusopplæraren og kateketen vil halde kvar sine bibelkurs for barn i faget religion, livssyn og etikk (RLE) på femte trinnet på dei tre barneskulane i bygde-tettstaden. Dei skal bruke eit kurs Bibelselskapet har laga, eit kurs på fire skuletimar der dei skal fortelje dei store linene i Det gamle og Det nye testamentet. Kateketen seier det slik:

Men skolene og barnehagene her er, vil jeg si, ganske positive til samarbeid, så i den grad vi greier å legge fram det vi har lyst til, for eksempel dette med vandring gjennom Bibelen, på en ok måte, og være veldig tydelig på at dette er ikke noe, dette er ikke trosopplæring, men dette er en hjelp til undervisningen i skolen. Altså en slags avlastning eller kall det hva du vil i forhold til lærerne da, at vi tar den delen om bibelkunnskap for eksempel i undervisningen, og kan knytte det til læreplanen da. [...] Og da kommer en ikke inn på det med forkynnelse og sånt noe i det hele tatt, dette er en ren undervisningsbit da.

Kateketen skil klårt mellom skulen sin læreplan, som er basis for kva dei kyrkjetilsette vil gje tilbod om i RLE-faget, og den kyrkjelege planen for trusopplæringa. Reint praktisk fortel han at i den grad kyrkja har kontakt med skulane, skjer det gjennom e-post frå kontoret hans, og då gjeld det julegudstenestar og jule- og påskevandringar. Dei hadde tidlegare ein påskekudsteneste for skulane (påskekudstenesta finst enno i samarbeidsplanen som kateketen seier truleg snart vil reviderast), men skulene hadde valt å slutte med dette arrangementet. Samanlikna med julegudsteneste kunne kateketen her ikkje argumentere med lang tradisjon slik at arrangementet kunne halde fram.

Kateketen gjev i eit e-brev litt meir informasjon om forma på skulegudstenestene. Dei liturgiske ledda Kyrie og Gloria (syndserkjeninga og lovprisinga) vert ikkje teke med. Elevar tenner adventslys i julegudstenesta, dei deltek med framføring av songar og drama, og med lesing i dei liturgiske bønene. Fadervår vert sagt fram unisont og det vanlege velsigningsforma vert nytta. Det er kyrkja sitt ansvar å ferdigstille programmet for ein gudsteneste. I den praktiske gjennomføringa kan det veksle om det er gudstenesteleiaren (liturgen) som seier kva som skal skje og om dette i tillegg kan sjåast på kyrkjeveggen (PowerPoint). Det har ikkje vore noko usemje om gudstenesteforma, understrekar kateketen.

Blant dei tilsette i Sletta kyrkjelyd er det kapellane og trusopplæraren som har vore mest involvert i utarbeidinga av den lokale planen for trusopplæring. Kapellane fortel at ein i dette arbeidet ikkje har tenkt på RLE-faget:

Altså, jeg må vel si at vi ikke har tenkt noe på det. Vi har ikke tenkt noen ting på tema, hva de har der og i forhold til tema vi har hos oss. Vi skal jo begynne å gå gjennom Bibelen for barn i RLE-timene, men det er jo utenom trosopplæringen, for det er jo ikke forkynnende.

Det finst ikkje ein eigen plan for barnehage–kyrkjesamarbeid i Sletta, slik kyrkjelyden har for skule–kyrkjesamarbeidet. Men om vi går til nettsidene til Sletta kommune, finn vi ein felles årsplan for åra 2011 til 2013 for dei kommunale barnehagane. Under overskrifta «Barnehagens kulturbegivenheter» er desse sett opp kronologisk: For desember finn vi

«Kirkevandring / gudstjeneste, adventsstund, Luciafeiring, nissefest». Og for mars finn vi «Barnehagens dag, ulike påsketradisjonar».

På dei kommunale nettsidene for skulane i Sletta går det fram at alle skulane har hatt julegudsteneste i 2011, anten i hovudkyrkja eller ei anna kyrkje, på den siste dagen før juleferien. Denne informasjonen finn ein sporadisk att på vekeplanane til ein del av årstrinna. Ein av barneskulane har «Julegudstjeneste i hovedkirka kl. 09.00. Deretter gang rundt juletreet på skolen.» Og skuledagen skal ende med leikar, kos og litt godteri i klasseromma. På nettsidene til ein annan barneskule finn vi: «Onsdag er siste dagen før jul. [...] På slutten av dagen skal vi i kirka.» Også ungdomsskulene har hatt julegudsteneste siste dag før ferien. På eit par av vekeplanane går det fram at skulane sender ein eigen lapp heim med elevane om siste skuledag med skulegudsteneste. Høgst sannsynleg er det her mogeleg å melde fritak for dette arrangementet. Ein av barneskulene har eit arkiv med bilete på nettsidene. Her kan ein sjå bilete av 7-åringane som deltok på julevandring i hovudkyrkja i 2010. Bileta fortel om vekt på dramatisering, her er kvitkleddede englejenter med glitter i håret og lys, her er dei heilage tre kongane med kroner på hovuda, hyrdingane som sit kring nattebålet sitt, og Maria og Josef med Jesusbarnet i krubba.

Frå Sletta kommune sine nettsider går det ei lenke til nettsidene til Sletta kyrkjelyd. På kyrkjenettstaden finst berre eit par spor om barnehage-/skule-kyrkje-samarbeid. Av 2010-statistikken i årsmeldinga for kyrkjelyden går det fram at det har vore 8 barnehage- / skulegudstenester, 17 påskevandringar (her er både 7-åringar og barnehagar inkludert) og 24 julevandringar (for 4–6-åringar). I høve til dei to førre åra er dette ein liten framgang. Kyrkjelyden sitt blad finst elektronisk på nettsidene. Det siste nummeret viser dei ulike arrangementa under eit nyleg jubileum for hovudkyrkja, blant anna ein jubileumskonsert der alle elevane frå femte til sjuande trinn ved dei tre barneskulane har vore invitert. Her står det i klårtekst: «Dette er et samarbeid med skolene.»

Ei mor til to skuleborn som var med på trusopplæringa i Sletta, var sjølv lærar i ein av dei mindre nabokommunane til Sletta. Ho karakteriserte skule-kyrkjesamarbeidet i Sletta som «veldig bra» og held fram med å seie at:

Jeg jobber i nabokommunen, og vi har et bredt og godt samarbeid vil jeg si, med kirken. Vi har besøk av kateketen i den menigheten i bestemte klasser en gang eller to i året, det er vel to ganger i året han er innom. I femte klasse blant annet, og i sjuende eller ... ja, det er noen bestemte år. Og hvor han har, ja, spiller litt, synger litt med de, og har litt bibelopplæring, vil jeg si. Og så har vi jo kirkebesøk tredje eller fjerde trinn blant annet. Og så har de jo den Lys Våken, ja, da var han også inne i klassene og informerte om det.

Dette viser igjen at kateketen er ein viktig tradisjonsberar når det gjeld skule-kyrkjesamarbeidet. Kan hende tyder det òg på at vande praksisar i dette samarbeidet lettare kan halde fram på mindre enn på noko større stader, som til dømes å informere på skulen om trusopplæring.

### 3.5 SKOGEN KYRKJELYD

Skogen kyrkjelyd er den største av tre kyrkjelydar som til saman dannar ei «eining» i organiseringa av trusopplæringa på denne staden. Dei tre kyrkjelydane fell saman med grensene for denne bykommunen på søraustlandet. Skogen har eit stort arbeid blant barn og ungdom og aukande deltaking i gudstenestene. Området kan vi karakterisere som ein bygdeby, prega av tett busetnad i sentrum og eit landleg omland. Dei tre kyrkjene i kommunen har ei lang historie og vert brukte til kulturarrangement i tillegg til dei gudstenestelege samlingane. Det verkar som om barn og vaksne har mykje kunnskap om historia åt kyrkjene. Kyrkjelydane har eigen trusopplærar (70 prosent) som er drivkrafta i arbeidet.

Tiltaka er prega av struktur og god organisering i klubbar i tillegg til dei ulike punktuelle utdelingane. Ein har valt å integrere trusopplæringsaktivitetane i dei aktivitetane som alt finst ved å endre litt på desse. Det fører til lite skilje mellom det som informantane kallar «grein- og stammetiltak» og eit tett samarbeid med dei frivillige organisasjonane. Trusopplæringsarbeidet er oppteken av å inkludere barn og unge i gudstenestene og såleis knyter ein «greintilboda» tettare opp mot desse. Tilboda til barn og unge strekkjer seg frå 0-18 år, og det er trusopplærar og kantor som organiserer det meste.

I kjeldegrunnet er det ikkje noko som tyder på at Skogen kyrkjelyd (og heller ikkje eininga) har eit aktivt samarbeid med andre kommunale institusjonar enn dei aktuelle barnehagane og skulane som «soknar til» denne kyrkjelyden. Ein frivillig medarbeidar seier at det ikkje har vore kollisjonar mellom tilbod i trusopplæringa og aktivitetane til kulturskolen i kommunen. Ho har vore medlem av utvalet for trusopplæring og har tatt del i utviklinga av den lokale planen for trusopplæringa til eininga, men ho legg vekt på at det er han som vart tilsett som trusopplærar som har vore hovuddrivkrafta i denne prosessen. Medarbeidaren fortel at dei tre kyrkjelydane har vorte fornya på ein positiv måte gjennom planprosessen. Folk i kommunen er stolte av dei gamle og vakre kyrkjene sine, og det er ein viss lokalpatriotisme i dei tre kyrkjelydane. Medarbeidaren meiner likevel at dei lokale tradisjonane er tekne omsyn til i planprosessen samstundes som ein har slått saman ressursane for å få i gang nye tiltak.

Som eit døme på positive haldningar til kyrkja held den frivillige medarbeidaren fram skule-kyrkjesamarbeidet. Ho er usikker på om det finst ein eigen plan for dette, men ho veit at då planen for trusopplæringa vart laga, tok ein omsyn til innhaldet i RLE-faget. Kyrkjevevja seier i eit e-brev til forskargruppa i KIFO at det vart laga ein plan eller «veileder» for samarbeidet på 1990-talet. Dette samarbeidet skapte nokre samarbeidskonstellasjonar som har overlevd endringane i læreplanane for skulefaget, men at planen for samarbeidet er bleika i høve til kva han var tidlegare.

Den frivillige medarbeidaren tolkar trusopplæringa i kyrkja som eit supplement til skulefaget, ikkje minst skal trusopplæringa gje meir bibelkunnskap. Men ho er òg merksam på heilskapen som trusopplæringa skal ta vare på. Livsmeistring og gode haldningar høyrer

òg med, ikkje berre kunnskap. Difor førebur ho morgonmat i friluft for dei 15-20 borna som like etter skal dra på padletur som ein del av tilbodet om ferieaktivitetar i regi av trusopplæringa. Ho nemner at dette er eit breiddetiltak det er delt ut informasjon om på skulene. Det har ikkje vore problem med å få ut slik informasjon, heller ikkje informasjon om kyrkjeleg konfirmasjon.

Kantoren i Skogen kyrkjelyd er ei anna kjelde. Ho med opplever tilhøvet mellom kyrkja og skulen som særst positivt. Éi av oppgåvene hennar er å drive korverksemd. Det var allereie eit barnekor og eit ungdomskor i Skogen kyrkjelyd då ho vart tilsett, samstundes med trusopplæraren. I tillegg hadde ho starta eit nytt barnekor som eit tilbod til endå ei gruppe barn innan kommunen. Ho kallar det SFO-koret av di det er eit tilbod til dei som går på SFO. Det er eit populært tilbod, og skule- og SFO-leiinga har vore veldig positive, seier ho. Rett nok hadde ein forelder vore kritisk til at det var så mykje kristent innhald i songrepertoaret når dei øvde på skulen i SFO-tida, men då han fekk vite at dei song både kristne og verdslege songar, stilna kritikken. Som ei mellombels løysing (på grunn av sjukemelding i staben i kyrkjelyden) øver no SFO-koret og det kyrkjelege barneket saman på skulen, elles øver kyrkjekoret i eit kyrkjelokale. Kantoren understrekar at all verksemda til dei to kyrkjekora er innlemma i timerekninga i planen for trusopplæring, medan berre ein liten del av verksemda til SFO-koret er rekna med der. Dette er såleis av di trusopplæring ikkje skal gå føre seg på SFO i skulen. Men i og med at SFO-koret òg syng på nokre gudstenester og andre arrangement, vert eit lite timetal teke inn i reknestykket for trusopplæringa. SFO-koret har vore med på ein stor konsert, eit tiltak som har en fast plass i planen for trusopplæring, og kantoren fortel begeistra om kor positivt dette vart teke imot av både barn og foreldre.

Vidare fortel kantoren kort om faste samarbeidstiltak for barnehagen, skulen og kyrkja, som julevandring og påskevandring, og ikkje minst skulegudsteneste like før jul. I Skogen kyrkelyd finst ein privat barnehage, eigd og driven av kristne organisasjonar og kyrkjelyden i fellesskap. Her har dei kyrkjeleg tilsette jamn kontakt.

Under overskrifta «Tradisjonar» skriv to av dei fem offentlege barnehagane på nettsidene til kommunen at dei deltek i kyrkjevandring (krubbevandring) til jul og påske. Skulane i kommunen har ikkje like opne nettsider som skulane i Sletta kommune (jf. ovanfor). Likevel går det fram av ei tilgjengeleg informasjonsbrosjyre for Skogen barneskule at desember månad er tradisjonsrik. Her er fleire adventsamlingar og dagar med juleverkstad, her er Luciafeiring og gang rundt juletreet. Og ikkje minst, i denne samanhengen, er det at «Vi går i kirken» nest siste dagen før juleferien. Siste dagen før ferien går føre seg på skulen. Det er tradisjon for at kvart årstrinn har bestemte oppgåver, til dømes har fjerde trinnet ansvaret for framføring og deltaking under julegudstenesta. Ein annan barneskule i kommunen har same opplegget. Også her er det julegudsteneste nest siste dagen før juleferien. Siste dagen hadde skulearrangementet i desember 2010 her eit eige namn, nemleg «Kult å være grei»-samling. Her legg ein altså merke til ein skilnad mellom tradisjonane for skule-kyrkje-samarbeid i Sletta og i Skogen. Skriv frå Utdanningsdirektoratet (2011) legg opp til at siste skuledag ikkje vert brukt til avslutning i kyrkja.

Kyrkjeverja skriv i e-brevet at 13 av 14 barnehagar i kommunen er med på høgtidsvandringar før jul og påske, dvs. fleire hundre barn. Nokre skuleklassar inviterer til bibelkurs der presten underviser. Han konkluderer med dei alt i alt har eit særst godt samarbeid med skulen.

### 3.6 VIKEN KYRKJELYD

Viken kyrkjelyd er ikkje nokon stor kyrkjelyd samanlikna med dei fleste andre i denne undersøkinga, men er nok ganske typisk for mindre kystbygder. Til denne nord-norske kommunen og fellesrådet høyrer det til to andre kyrkjelydar. Desse har eigen prest i delstilling. Viken kyrkjelyd har om lag 1700 medlemmer, og ut frå tala er det stor oppslutnad om kyrkja. Vi finn 90 prosent oppslutnad om dåp og konfirmasjon, og endå meir på utdeling av 4- og 6-årsbok. Her pendlar folk mykje. Berre 40 prosent av innbyggjarane arbeider til dagleg innanfor kommunegrensene; mange av dei dreg til éin av dei større byane i nærleiken. Nokre internasjonale innslag kjem til kommunen frå eit asylmottak.

Kyrkjebygget på Viken er eit landemerke, eit særst stort og høgt bygg samanlikna med andre bygg i bygda. Kyrkja vart bygd rundt år 1900 og hadde då plass for 700, i dag om lag 300 (på grunn ombygging til kyrkjestove bak i kyrkja som ein kan bruke til samlingar). Det ruver i landskapet, både geografisk og sikkert òg mentalt. Du kan ikkje unngå å leggje merke til kyrkjebygget i denne bygda når du dreg forbi, og det er særst aktuelt å ha omvisingar der av skuleklassar.

Folk på denne staden bur stort sett i ei landstripe langsetter sjøen. I heiane («marka») bakom denne landstripa er det gamal samisk busetnad. Fornorskingsprosessen frå 1850 og utover har omtrent radert ut det samiske språket her, ein variant av nord-samisk. Skulane har samiske lærarar, så tilbodet om samisk språklæring verkar vere reelt. Éin barnehage er definert som samisk-språkleg, men òg denne er i praksis tospråkleg samisk-norsk. Ei jente med samisk språkbakgrunn vart intervjuet og fortel at det mest berre er med mor si hos snakkarsamisk, med venninnene til mora og språklæraren sin på skulen, elles går alt på norsk. Dette gjeld òg i det kyrkjelege arbeidet ho er med på. Dei fleste med samisk bakgrunn her kan ikkje snakke samisk og er heller ikkje oppteken av det vert det sagt. Soknepresten forklarar korleis kyrkjelyden prøver å den samiske språkgruppa i møte:

Prest: Sånn generelt så har vi, når det gjelder gudstjenester så har vi to gudstjenester i året, en på samefolkets dag og der er det gjerne med innslag fra skole og litt sånn, litt mer barn på den gudstjenesten da. Og en vanlig høymesse ellers i året. Tospråklig gudstjeneste. Og vi tilbyr også, i de tilfeller det er aktuelt, samiske kirkelige handlinger. Det er gravferd, barnedåp har vi hatt, ikke med vigsel.

Kyrkjelyden har òg tilbod om samiske utdelingsbøker, t.d. biblar i samband med bibelutdeling og bibelkurs i 5. klasse, men det er ikkje mange som er interesserte i dei samiske bøkene. Presten veit om to barnefamiljar som klart definerer seg som samiske.

Samiske institusjonar er ikkje direkte til stades i kyrkjelyden, så noko formelt samarbeid med slike institusjonar har ikkje vore nemnt.

Vi kan karakterisere denne kyrkjelyden som ei folkekyrkje; det er få som går inn i frivillige oppgåver og desse er som regel folk som kjem flyttande til bygda. Viken kyrkjelyd har stor oppslutnad kring dei kyrkjelege rituala, og dei aller fleste foreldre som er medlemar i kyrkja deltek på utdeling av 4- og 6-årsbok. Det kan verke som om trusopplæringsarbeidet har rekruttert nokre nye frivillige. Éin forelder frå babysongen fortel at ho stiller til val i soknerådet og ut frå det ho elles fortel er ho elles ikkje aktiv i kyrkjelydsarbeidet.

Kyrkjelyden får lite pengar til eige trusopplæringsarbeid då prostiet har ein eigen organisasjon som driv arbeidet. Tilsette i kyrkjelyden er nok ikkje heilt samd i denne måten å fordele ressursane på. Men dei tek konsekvensen av at ressursen til trusopplæringsarbeidet er bunden sentralt, og vil difor prøve å auke på mannskapssida sjølve. Interessant nok i denne samanhengen er det at dei har gått inn i eit samarbeidet med ei lokal frikyrkje. Med unntak av læstadianarar er det ikkje andre kristne organisasjonar i denne kommunen. Den lokale frikyrkja er på si side ikkje stor (om lag 15 personar) og utan store økonomiske ressursar.

Denne organiseringa er relevant i denne rapporten først og fremst av di det viser oss det tette sambandet i bygda der alle samarbeider med alle verkar det som. Her er det sannsynlegvis meir vanleg å samarbeide på tvers enn å ikkje å gjere det og kyrkjelyden verkar innstilt på å spele på lag med alle som vil spele på lag med dei. Dette er ei lite bygd som sameinar alle gode krefter og der om lag alle samarbeider på eit vis. Det er òg relevant av di prostiet står bak ei tiltak med babysong i samarbeid med ein kommunalt drive aktivitetssentral for frivillige (jf. nedanfor).

Det meste av trusopplæringsarbeidet er det presten og kantoren som tek seg av. I denne kyrkjelyden er det korkje kateket, diakon eller annan trusopplærar (med unntak av dei som er tilsett på prostinivå). Kyrkjelyden samarbeider med skulane og barnehagane om gudstenester til jul. Det vert opplyst at dei ikkje har eigen skule–kyrkjesamarbeidsplan, men prest og kantor stiller opp når det er ønske om det, t.d. med omvising i kyrkja. Samarbeid med offentlege institusjonar i denne kyrkjelyden dreier seg om barnehagane, skulane, den kulturelle skulesekken og eit for det meste kommunalt drive aktivitetssenter for frivillige («frivillighetssentral»). Det er samarbeid med barnehagar om julegudstenester og med skular om julegudstenester, utdelinga av biblar og bibelkurs for 5. trinnet.

Når det gjeld samarbeidet med skulen og barnehagar finn vi ei prinsipiell avklaring frå dei tilsette. Soknepresten fortel at han har ei litt avventande haldning til samarbeidet med skulen i og med at trusopplæringa ikkje lenger skal vere ein del av det ein driv i skuletid:

Jeg må si at jeg er litt nølende. Altså i forhold til at trosopplæring ikke skal blandes inn i skoletiden. Så jeg prøver å være bevisst på at det samarbeidet jeg har med skolen, det er ikke trosopplæring, det skal ikke være trosopplæring. For eksempel så har vi jo, det nærmeste vi kommer er jo den bibelutdelingen til femte klasse. Der har vi en lang tradisjon for at vi inviterer og deler ut [bibel] i kirken og så er vi etterkant på besøk på skolen - med



undervisningstime, og at de som ikke var i kirken også får bibel. Og det ser bare ut som en sammenblanding av skole/kirke-samarbeid og trosopplæring, men i planen definerer vi kirkebesøket som, kun kirkebesøket som trosopplæring, og det på skolen er noe annet.

Han presiserer at dette på skulen er orientering om Bibelen og biblane vert òg brukt i RLE-undervisninga seinare. Han hugsar to muslimske barn (frå asylmottaket) som ikkje kom til den timen då han hadde dette opplegget, men han ser ikkje nokon grunn at dei ikkje hadde kunne vore med. Grunnen til at dei ikkje kom legg han på læraren som kanskje ikkje var heilt heldig med den informasjonen som gjekk ut til foreldra.

Det er skulegudsteneste siste skuledag om morgonen og her deltek begge skulane (1–10 og 1–7-skular). Dette er det einaste som no ligg fast i skule–kyrkjesamarbeidet. Så langt soknepresten har registrert er det særskilt få elevar som brukar fritaksretten. Han har aldri opplevd at skulen har lagt seg opp i kva gudstenesta skal handle om, men det er ikkje brukt truvedkjenninga og han er nøye med å forklare at «de som vil, kan be den sammen med meg».

Det er òg lang tradisjon for at barnehagen i nærleiken deltek på denne gudstenesta. Det har vore vanleg at barnehagen sjølv har vore på kyrkjebesøk før jul. Men dette fekk ikkje dei til i 2010 og 2011. Soknepresten forklarar dette slik:

I 2010 fordi barnehagen tolket loven så strengt at de krevde skriftlig påmelding fra foreldrene som ungene skulle være med på kirkebesøk – men i en hektisk førjulstid var det kun to foreldre som husket det... I 2011 ble det ikke dels pga erfaringer fra året før, dels pga lite tid. En mindre, privat og samisk barnehage har hatt sporadisk besøk av prest før jul.

Med kulturskulen er det eit visst samarbeid om lunsjkonsertar som kantoren står for og som er ei interessant nyskaping. Det er kantoren som har etablert dette samarbeidet og dette er noko ho vil halde fram med, seier ho. Ho inviterer då skuleklassar (og alle interesserte) til ein minikonsert midt på dagen. Det er òg gått ut invitasjon til næringsliv og kommunetilsette om til denne gratiskonserten. Dei kan ta lunsjtida i kyrkja, høyre på musikk og få kaffi og mat etterpå, seier ho. Ho vil gjerne arbeide vidare med det ein kunne kalle «den kulturelle trusopplæringssekken». Songane vert send til skulen på førehand så elevane kan førebu seg. Det er òg innslag frå elevane under gudsteneste, som regel med song.

Ein dag i året samarbeider kyrkjelyden òg med ei privat stifting som har flytta og renoverert ein gamal skule som no er flytta til ny plass og vorten møteplass med brygge og liknande. Kommunen tok initiativet til denne prosessen og selde huset til stiftinga. Kyrkjelyden samarbeider òg med fylkesmuseet om olsokgudsteneste på eit bygdetun.

Det mest spesielle med samarbeidet i denne kyrkjelyden er samarbeidet med aktivitetssentralen for frivillige om babysong. Ei rad sentrale problemstillingar om samarbeid i trusopplæringsreforma vert krystallisert i dette samarbeidet, kanskje endå tydelegare enn i skulesamarbeidet, i høve til spørsmål om kva som vert sett på som

trusopplæring og i kor stor grad offentlege institusjonar kan spele på lag med kyrkja på denne måten. Dette er ein grunn til å sjå litt nærare på dette tiltaket.

Aktivitetsentralen er organisert som eit lutlag («andelslag») med lokale lag, foreiningar og kommunen og har økonomisk støtte frå Kulturdepartementet og kommunen. Det er definert som eit serviceorgan for alle lag, foreiningar og einskilde som driv med frivillig aktivitet. Hovudmålsetjinga er «å koordinere og leggje til rette for frivillig aktivitet i Viken». Senteret er medlem av næringsforumet i kommunen. Mange frivillige er knytt til senteret, og det arbeider personar her frå NAV på arbeidstrening. Det er altså ikkje eit reint kommunalt drive senter, noko som kanskje òg forklarar kvifor ein kan samarbeide så tett med den lokale kyrkja som jo òg er mykje frivillig drive og der «alle» i bygda er med.

Senteret har ein person tilsett som leiar og primus motor. Annonserte aktivitetar er nærmiljøkafé, småbarnstreff, symjing og seniortreff. Dei skipar m.a. til bussturar, isbading og sjølvhjelpsgrupper og ein har laga til ei bytebu med alt frå krimskrans til barneutstyr. Dei held til i eit eige hus midt i kommunesenteret, ikkje langt frå kyrkje- og kommunekontorbygget.

Det er innanfor ordninga med småbarnstreff at kyrkjelyden via prostiet får kome inn med eit tilbod om babysong. Småbarnstreffet kom først i stand etter ønske frå personar sentralt i kyrkjelyden. Med utvidinga av reforma i prostiet kom leiaren for trusopplæringa i prostiet til senteret for å informere om babysong, og det vart vedteke å byrje med dette på tysdagar nokre gonger i semesteret (éin til to gonger i månaden om lag). Ein annan person tilsett på prostiplanet kjem no til kommunesenteret for å drive dette arbeidet. Vedkomande er ikkje involvert i trusopplæringsarbeidet elles i kyrkjelyden lokalt, men reiser rundt i fleire kyrkjelyder for å gjennomføre den prostidrivne trusopplæringa. Akkurat denne ordninga vert rekt fram av dei tilsette i kyrkja som eit vellukka grep, kanskje det einaste verkeleg vellukka grepet som prostiorganiseringa har ført med seg så langt.

Tiltaket med babysong på sentralen er eit døme på at kyrkja går inn i eit kommunalt drive prosjekt med deltakarar som ikkje nødvendigvis er medlemmer av kyrkja eller interessert i kyrkjelege aktivitetar. Samstundes er kyrkja invitert inn av sentralen og det er stor velvilje blant dei fleste foreldra om aktiviteten blant dei som har døypt barna sine (noko nesten alle gjer på denne staden). Sentralen er altså for alle i kommunen og ikkje knytt særskilt til kyrkjelyden, samstundes som dei let kyrkja få halde eit babysong kurs om føremiddagen som eit tilbod på småbarnstreff. Tiltaket innanfor sentralen er i og for seg frivillig, men kan då føre til at noko kjenner at dei misser tilbodet om småbarnstreff. Det er altså ein innbakt motsetnad i denne organisering, både reell og formelt. Dei som står for babysongen må såleis heile tida stille seg sjølv spørsmål om kva ein skal seie til foreldre, kva for songar ein skal velje og kva for andre kyrkjelege aktivitetar ein skal trekkje inn i kjølvatnet av babysongen. Skal songane vere kristne (nemne Gud) til dømes? Mange kyrkjelydar andre stader trekkjer babysongforeldre inn i gudstenester eller har avslutning i kyrkjerommet. Det er ikkje gjort her og er kanskje ikkje naturleg her på grunn av denne organiseringa.

Trusopplæreren som driv dette arbeidet seier at ho er medviten om at ho balanserer på knivegg i høve til desse spørsmåla. I situasjonen er dette noko alle verkar kjenne på, og det kjem fram i intervju av to foreldre som er med. Desse viser begge til at nokre andre foreldre er usikre på om dei skal vere med, og at desse andre viser det ved kroppsspråket («himler med øynene»). Trusopplæringsarbeidaren seier òg ho er medviten om dette og tek omsyn til dei. Dei fleste songane som er brukte er ikkje direkte kristelege, men allmenn barnesongar.

Ein av foreldra som er med på denne aktiviteten seier under eit intervju at det er nokon som til vanleg går på småbarnstreffet som ikkje var udeelt begeistra for eit kyrkjeleg tiltak. På spørsmål om det er nokon som let vere å gå på småbarnstreffet når det er babysong seier ho at det aldri har vore nokon som har gått.

- Så det vert ikkje problematisert heller, at det må binde noen til kirka eller?

- Nei, og det synes jeg at har vært veldig fint, jeg var spent på enkelte folk om de ville reagere, men det syns...

- Hvorfor var du spent?

- Nei fordi jeg følte vel at, nei de hadde ikke noe direkte forhold til kristendommen sånn som man har sittet og pratet der med folk og vorten kjent at de kanskje ikke ...

- At de ga uttrykk for det på...

- Ja, at jeg vet at de ikke hadde døpt og gifta seg og altså sånne ting, men nei de var med de syns det var...

- Snakket du med dem etterpå om det da?

- Nei vi tok bare en sånn samtale alle hva vi syntes det, hva vi syntes etter første gang, og alle syntes at nei det her var helt greit og, ja.

Ein annan av foreldra seier i eit intervju at ho visste at nokon som syntes «det vert for mye om Gud og den slags». Ho seier vidare at

Og jeg for min del har vel kanskje noen fordommer og sånn, det er ikke det, men jeg prøver bare å legge det bort og tenke at det er for å glede ungene liksom. Så derfor tror jeg også at disse som leder dette, de virker veldig beskjedne i forhold til den type ting...

Intervjuer: For beskjedne?

Mor: Nei, jeg synes det passer akkurat bra. For at det er ingen som vert påtrykket noe eller, og samtidig er det veldig med, hun er en veldig sprek dame og i respekt også for henne og det hun driver med, så lenge hun ikke, sånn som hun har fungert da, kan du si.

Ho trur at det er nokon som ikkje kjem på grunn av babysongen og ho sjølv er litt usikker på om dette er rett, men ho peikar at den kristne budskapet ikkje er noko som tredd over dei:

Mor: Ja, altså jeg får litt problemer med å tenke opp mot den kristne troen. Generelt. For jeg tenker på babysongen som veldig positivt for unger generelt.

Intervjuer: Ikke nødvendigvis i forhold til kristen tro.

Mor: Nei. Det tror jeg bare kommer inn som en, at det vert presentert, i den forstand, med det fås med så mange år, men foreldrene tar det kanskje med seg hjem, og på en måte får vi jo et tilbud. Så, og det er gjort på en veldig fin måte. Det vert ikke tredd over deg.

Dei to foreldra som er intervjuet om babysongen er særst nøgd med dei har vore med på, men seier òg at dei er skeptiske om dei skulle oppdage at det skulle gå før seg uønskt forkynning i arbeidet seinare. Med dette meiner dei sannsynlegvis ein type streng vekkingorientert kristendom eller streng kristendom med mange og klåre påbod om bestemte måtar å vere på eller med forkynning som trugar med evig straff o.l. Den eine av informantane gjev føringar til ei slik tolking utan å seie det rett fram.

### 3.7 SAMARBEIDET I SAMANDRAG

Undersøkinga viser fram eit stort spekter av samarbeid mellom kyrkjelydane i Den norske kyrkja og andre institusjonar sjølv om ikkje alle tala er like representative. Utvalet av kyrkjelydar er gjort med tanke på at det skal gje ein variasjon av ulike kyrkjelydar ulike stader i landet.

Oppsummert ser vi i dei seks feltstudia som er gjort at det er samarbeid mellom kyrkjelydane og

1. skular
2. SFO
3. barnehagar
4. kulturskular
5. den kulturelle skulesekken
6. ein kommunal aktivitetssentral for frivillige
7. ein helsestasjon
8. museum og
9. institusjonar for psykisk utviklingshemma.

Ikkje alle kyrkjelydane samarbeider med alle desse. Dette er ei liste over alle samarbeidsformene. I tillegg samarbeider kyrkjelydane med kristne organisasjonar og andre kyrkjesamfunn og med andre frivillige organisasjonar (idrett, musikk o.l.). Vi finn store lokale variasjonar avhengig av kva for ressursar kyrkjelydane kan spele på i lokalsamfunnet. Samla sett er kanskje ikkje dette samarbeidet ein stor del av kyrkjelydane sitt arbeid, men dei har høg prioritet visse delar av året. Kyrkjelydane legg såleis ein god del ressursar ned i dette arbeidet, som for skule- og barnehagesamarbeidet sin del gjerne er konsentrert kring advent og fastetida før påske.

Vi finn samarbeid både om sjølve aktivitetane: om korverksemd i SFO, t.d. i Åsen og i Skogen kyrkjelyd; om formidling av informasjon om aktivitetane: mest alle stader, t.d. om konfirmasjonen; og om organiseringa av aktiviteten på førehand: som det at SFO-tilsette i Åsen hjelper til med å få barna av garde til kyrkjelyden sine tilbod om fem- og åtteårsklubb, eller at musikk lærarar førebur julesongar til bruk under skulegudsteneste: lærarar lagar julesongkor og syng i kyrkja for elevane i Dalen kyrkjelyd.

Aktivitetane er ofte knytte til kor og musikkaktivitetar i kyrkja og til planlegging og gjennomføring av gudstenester og andre kyrkjelege aktivitetar som pilegrimsvandringar til jul og påske. Vi finn formidlingsaktivitetar som ekskursjonar (utforske kyrkjerommet), konsertar (Åsen og Viken) og bibelkurs på skulen for 5. trinnet. Vi finn meir trusrelaterte eller forkynnande aktivitetar som gudstenester med liturgiske ledd som bønner, truedkjening (somme stader) og velsigninga. Skular og klasselister vert brukte til å sende ut informasjon om trusopplæringstiltak utanom skuletida, t.d. om ein padletur etter skuletid (Skogen). Skular kan òg sjølv drive med aktivitetar knytte til høgtidene utan at kyrkje nødvendigvis er direkte til stades: vi finn juleverkstad, luciafeiring og andre adventsverksemdar, jamvel gang rundt juletreet (Skogen).

Vi finn mest samarbeid med skular, så med barnehagar og så med andre offentlege institusjonar. For det meste dreier samarbeidet i samband med skular og barnehagar seg om høgtidsmarkeringar.

## 4 VURDERING

### 4.1 EIN NY SITUASJON

I innleiinga peika vi på at ein viktig bakgrunn for undersøkinga av reforma og særleg av samarbeidet med andre institusjonar og organisasjonar ligg i dei endringane som har skjedd med kristendoms- og religionsundervisninga i grunnskulen i 1997 (KRL-faget) og 2008 (RLE-faget) og ikkje minst gjennom trusopplæringsreforma (2003). Det er gjort ei vesentleg formell endring i forholdet mellom kyrkja og andre offentlege institusjonar. Kanskje er det òg snakk om ei haldningsendring i høve til spørsmål kring religionsmangfald og religionsfridomen allment i samfunnet. I denne situasjonen står alle kyrkjelydane i Den norske kyrkja overfor heilt nye utfordringar. Det er ikkje underleg om mange både i skulen og andre institusjonar vert usikre på kva dei skal gjere og ikkje gjere i samband både med dei gamle samarbeidsformene — og med dei nye som situasjonen ser ut til å krevje.

Tidlegare forskning på og evaluering av dei første forsøka i trusopplæringsreforma har peika på nokre sider ved samarbeidet mellom kyrkjelydane og andre organisasjonar og offentlege institusjonar så langt som utviklinga var komen på dette tidspunktet (frå om lag 2008). Vi skal kort presentere noko av resultatata frå denne forskinga og evalueringa og peike på kvar vi går vidare i denne samanhengen.

Rapporten frå styringsgruppa (Byfuglien, Evenshaug et al. 2008) trekkjer fram ein god del om det samarbeidet som har vore mellom kyrkjelydar og med kristne organisasjonar (2008: 75–81), men lite om skulesamarbeidet, noko som heller ikkje var i fokus i oppbyggingsfasa av reforma. Rapporten nemner nokre enkelttiltak, som leksehjelpa på Hersleb skule i Grønland kyrkjelyd (2008:69) og dei tiltaka ein sokneprest gjorde på ein skule etter eit sjølv mord (2008:74) der han samarbeidde tett med skulen. Rapporten viser òg til endringane i skulen etter 2003 (2008:88) og tilrår å leggje arrangement til strategiske tider *utanom* skuletida, som «planleggingsdager, høytider og andre tidspunkt som gir seg av kirke- og skoleår» (2008:87). Slikt sett har vi i denne rapporten vurdert konsekvensar som før ikkje kunne gjerast i denne evalueringa av reforma i innføringsfasen. I undersøkinga vår av stoda så langt i gjennomføringsfasen er det særleg spørsmålet om skulesamarbeidet vi kan seie noko meir om.

Hauglin, Lorentzen og Mogstad (2008:154) oppsummerer òg resultatet av undersøkingane sine kring skule–kyrkjesamarbeidet. I forsøksperioden var dette definert utanfor reforma og dei aller fleste har òg ei oppfatning av at skule–kyrkjesamarbeidet ikkje var ein del av forsøket. Dei peikar på at dette kan late seg gjere mange stader, men at det er litt annleis i Oslo, der det er eit større religiøst mangfald. Nokre kyrkjelydar fortel at samarbeidet med skulen er noko trusopplæringsarbeidet deira byggjer på, og at dette samarbeidet har vore med og knytt band som var viktige i utforminga av trusopplæringa. På spørsmål om samarbeidet har auka, svarte dei fleste i denne rapporten at det ikkje hadde vore noka endring. Undersøkinga som rapporten vår byggjer på, viser at det no har skjedd ei endring i samarbeidsforholda og nedanfor (4.4) vil vi sjå nærare på kva dette går ut på.

Hegstad, Selbekk og Agedal (2008) rapporterer òg frå feltstudium (sju *case*) slik vi gjer i denne samanhengen, og som oss spør dei korleis reforma vert endra av lokal kontekst (2008:17). Noko av dette kjem det svar på her i rapporten vår. Hegstad (som har skrive kap. 15, s. 169-176, jf. forordet) peikar på at sjølv om kyrkja i stor grad vender seg til ein allmenn arena, ikkje ein nisje, er ikkje denne deltakinga i den allmenne arenaen ukontroversiell. Særleg kjem dette fram i samband med skulen og striden kring SFO-tida (2008:170–171). Han peikar på at mange i forsøksprosjekta såg på «slike begrensninger som kanskje det mest problematiske i rammebetingelsene som er gitt reformen» (2008:171). Ein prosjektmedarbeidar peika på at ein på denne måten hadde teke den viktigaste «banen» frå trusopplæringa og at ein misser noko det ikkje er enkelt å kompensere for. Dei viser òg til døme på at SFO-tida vert brukt til trusopplæring og at det ikkje ligg føre noko eintydig forståing eller praksis frå kyrkjelydane om slikt samarbeid.

I tida etter at dette vart skrive er det kome presiseringar av lovgjevinga (jf. nedanfor) som slår fast hovudprinsippet om ein skilnad, men som samstundes opnar for lokale variasjonar. Kyrkjelydar nyttar skule- og SFO-tida til ulike samarbeidstiltak i trusopplæringsreforma. Dette er eit samarbeid som treng ei større avklaring, teoretisk og praktisk.

## 4.2 NOKRE PRINSIPIELLE SIDER OM SAMARBEID

Repstad (1998) diskuterer samarbeidsforhold mellom frivillige og kyrkjer i diakoniarbeid. Dette er ikkje heilt det same feltet som det vi tek føre oss, men Repstad presenterer og vurderer ulike sosiologiske modellar for denne typen samarbeid mellom frivillig arbeid og det offentlege generelt. Dette er oppklarande og særst relevant i denne samanhengen når Den norske kyrkja no er i ferd med å etablere seg meir uavhengig av staten. I tida framover vil kyrkja kome opp i mange av dei situasjonane som denne forskinga alt lenge har drøfta.

Repstad (1998:26ff) viser mellom anna til Kuhnle og Selle (1990) og deira typologi for slikt samarbeid mellom frivillige organisasjonar og staten med ei inndeling ut frå to dimensjonar: Den eine dreier som om kor nært og kor mykje kommunikasjon det er mellom det offentlege og organisasjonane. Den andre dreier seg om kor avhengig organisasjonane er av det offentlege. Ut frå denne typologien får dei 4 alternativ: å vere integrert og avhengig, å ha ein separat autonomi, å vere separat og avhengig og til slutt å ha integrert autonomi. Denne siste modellen løftar Kuhnle og Selle fram som typisk for dei skandinaviske velferdsstatane. Repstad viser òg til Knudsen (1993) som argumenterer for at det var denne modellen som var i funksjon ved gjennomføringa av reformasjonen i Skandinavia. Resultatet var lutherske kyrkjer som ikkje laga egne maktsentra, og som vart venlege overfor styresmaktene. Vi fekk statskyrkjer som var statsvenlege og som vart eit viktig utgangspunkt for den moderne intervensjonistiske velferdsstaten. Lorentzen (1998) har i større grad enn det Kuhnle og Selle gjer trekt opp konfliktmodellar i studiet av dette sambandet mellom stat og dei frivillige. Han kritiserer særleg det offentlege for ikkje å ha gjeve rom for særpreget i organisasjonane. Dei styringsinstrumenta det offentlege brukar i høve til organisasjonane er normativ integrasjon, økonomisk integrasjon, fagleg integrasjon og administrativ integrasjon. Graden av autonomi varierer og er langt større i kultursektoren enn t.d. i helsesektoren. I høve til kyrkja har denne problemstillinga vore aktuell lenge, men er no snudd på hovudet: staten slepper opp det tette sambandet til Den norske kyrkja og innfører ein ny type samband som vil føre til nye typar eventuelle samarbeidsformer.

Kva dette fører til er det for tidleg å seie noko om, og denne undersøkinga av samarbeid gjev ikkje eintydige svar. Med den nominelle oppslutnaden kyrkja har og dei lange tradisjonane ho fører med seg inn i det sivile og statleg funderte samfunnet (den norske kalenderen til dømes), kan ein seie at den norske staten og Den norske kyrkja ikkje berre har felles interesser, men òg er gjensidig av avhengig av kvarandre. Kyrkja går ikkje frå å vere integrert og avhengig av staten til å vere separat og autonom, men til å vere separat og avhengig og til å ha ein integrert autonomi. Vi kan seie ulike grunngevingar for eit samarbeid på visse område i tida framover, t.d. mellom skule og kyrkja, opererer innanfor ein modell om integrert autonomi. Opplæringslova (sist endra 19.12.08) legg òg opp eit statleg verdigrunnlag knytt til kristne og humanistiske verdiar, den nasjonale kulturarven og den internasjonale kulturtradisjonen. Gunleiksrud og Andersen (2008) løftar t.d. fram nokre

av desse argumenta for felles beste og at stat og kyrkja difor bør samarbeide. Dei viser til (2008:11–13)

1. den rolle kyrkja har hatt i norsk og europeisk kultur og som alle barn lyt få ta del i,
2. samfunnsansvaret kyrkja har som samfunnsaktør og kulturberar,
3. behovet for kunnskap om religion i samfunnet,
4. den rolla den lokale kyrkja faktisk ofte spelar i lokalsamfunna,
5. den allment sett store kompetansen som dei tilsette i kyrkjelydane sit på,
6. kyrkjerommet som gjer det mogleg med varierte undervisningsformer for skulane,
7. den kompetansen dei kyrkjetilsette har i spørsmål om liv og død når noko skjer,
8. behovet for generell kulturell kompetanse der opplevingar av gudsteneste er ein viktig del,
9. organiseringa av den offentlege kalenderen kring kristne høgtider – noko som krev forklaringar,
10. det faktum at dei fleste innbyggjarane før eller seinare kjem i kontakt med kyrkja i løpet av livet sitt, og dette krev nokre dugleikar og kunnskapar og
11. at det er mange stader er tradisjonar for samarbeid som kyrkjelydane ikkje kan oversjå.

Dei fleste av desse argumenta er kulturelle og på den måten òg relative til den situasjonen samfunnet står i slik det er i dag. Ein kan tenkje seg endå meir prinsipielle argument både for religionsfaget i skulen og for eit samarbeid mellom religiøse og statlege institusjonar som dreier seg om barns rett til religion og livssyn (Schweitzer 2006) og samanhengen mellom allmenn danning og religionsdanning (Benner 2010) i det fleirkulturelle samfunnet.

#### 4.3 FORMELL AVKLARING?

Opplæringslova av 1998, som dekte både grunnskulen og den vidaregåande skulen, avløyste grunnskulelova av 1969. Grunnskulelova måtte endrast på nokre stader for at KRL-faget kunne innførast i 1997, altså eitt år før opplæringslova vart endeleg vedteken. Paragraf 41 i grunnskulelova, som gav tilsette i Den norske kyrkja (biskopen eller ein prest eller kateket utnemnt av biskopen) rett til å høyre på og gje råd i høve til kristendomsundervisninga, vart teken ut av lova på vårparten i 1998, og dei juridiske avgjerdene for den nye religions- og livssynsundervisninga i skulen kunne då overførast til opplæringslova. Opplæringslova viska i prinsippet ut den gamle (konfesjonsforankra) skilnaden mellom Den norske kyrkja og andre trussamfunn og livssynsorganisasjonar i høve til skulen.

Sjølv om det prinsipielle skiljet mellom trusopplæring og samarbeid no er klårt eller skulle vere det, er det juridisk sett nokre opningar for eit praktisk samarbeid. Dette gjeld «kontekstuelle faktorar» som tid og stad. Bruken av skulelokale i SFO-tida var eit tema som vart omtala av Kulturdepartementet og Stortinget. Frå 2003 finn vi at Stortinget avgjer innstilling i saka om bruk av skulelokale i SFO-tida:



Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og representanten Simonsen, er enig i at trosopplæringen primært skal skje i menighetens egne lokaler, kirkebygget eller andre egnede lokaler. Lokale forhold kan imidlertid gjøre det praktisk og ønskelig at opplæringen foregår i skolebygget. Flertallet mener at det må være anledning til å inngå lokale avtaler om bruk av skolebygg der det er tjenlig, men vil understreke at trosopplæringen skal foregå utenom ordinær undervisningstid. Flertallet vil vise til at skolen flere steder også er grendehus og det naturlige samlingssted for bygda. Flertallet vil understreke at øvrige tros- og livssynsorganisasjoner har samme rettigheter som Den norske kirke når det gjelder bruk av skolebygget. (Stortinget 2003)

I samband med at paragraf 36 i Kirkeloven vart endra, vart det sendt ut eit høyringsbrev som sa at:

Kultur- og kirkedepartementet ber med dette om uttalelse til forslag om endringer i lov om Den norske kirke (kirkeloven) § 36. Forslaget innebærer følgende: Adgangen til å legge konfirmasjonsopplæring til skolens tid strammes inn ved at det lovfestes krav om «særskilte grunner» og ved at myndigheten til å treffe endelig avgjørelse legges til kommunen. Vedkommende kommune gis adgang til å bestemme at trosopplæring kan inngå i skolefritidsordningen. (Kulturdepartementet 2004)

I referatet frå debatten i Odelstinget den 18. mars 2005 finn ein ikkje noko om skulefritidsordninga, berre om innskjerpinga for konfirmasjonsundervisninga. No seier paragraf 36 i Kirkeloven at:

Konfirmasjonsopplæring skal ikke legges til skolens tid, med mindre særlige grunner tilsier det og kommunen har gitt sitt samtykke. Med særlige grunner menes tilrettelagt opplæring for funksjonshemmede, avstander som krever skoleskyss eller liknende forhold som gjør det svært vanskelig å gi et tilfredsstillende opplæringstilbud utenom skolens tid.<sup>4</sup>

Kyrkje-, utdannings- og forskningskomiteen kommenterte likevel skulefritidsordninga i Innst.O.62 (2004-2005) og sto fast på den prinsipielle skilnaden mellom trosopplæring og skule/SFO-verksemd, og at «trosopplæring skal ikke gjennomføres i åpningstiden for skulefritidsordningen». Kirkerådet (ved P. E. Wirgenes) har tolka dette prinsippet slik at SFO-tida er «den tiden det enkelte barn er innskrevet i SFO» og at «foreldre [har] rett til å sende barna sine til kirkelige tilbud når de vil.» Desse sitata finn vi i ei rettleiing Kyrkjerådet i 2005 sende til kyrkjelydane som dreiv prøveverksemd i den første fasen av trosopplæringsreforma.

Truleg kan avgjerder om å leggje aktivitetar i trosopplæringa til skulelokala i SFO-tida takast på kommunenivå ut frå same tenking som ligg til grunn for innskjerpinga av bruk av skulelokale for konfirmantundervisninga. Vi har leita på Internett etter kommunale reglar for SFO i samband med slike spørsmål, men ikkje funne noko om denne saka.

---

<sup>4</sup> Jf. Lovdata: <http://www.lovdata.no/all/tl-19960607-031-005.html#36>

Det kan verke som om vi til ein viss grad finn denne juridiske opninga for praktisk samarbeid att i empirien på lokalplanet. Åsen kyrkjelyd driv etter det vi kan sjå til dels konfirmantundervisning i skulelokalet, noko det er klart opning for, men dei har òg kyrkjeleg korverksemd her som trusopplæring og breiddetiltak. Vi ser av spørjeundersøkinga at mange kyrkjetilsette synest skule-kyrkjesamarbeidet ikkje er lett. Truleg er det juridiske aspektet éin av grunnane til dette. Ei løysing for fleire av dei kyrkjeleg tilsette er å halde fast på det prinsipielle skiljet mellom trusopplæring som ikkje skal skje i skulelokala og kulturelt skule-kyrkjesamarbeid som kan skje i skulelokala i SFO-tida.

I eit brev frå Utdanningsdirektoratet i 2011 («Gudstjenester i skoletida», Utdanningsdirektoratet 2011) heiter det at skulen kan gjennomføre gudstenester som ein del av sin generelle kultur- og tradisjonsformidling, men at dette ikkje skal verte rekna som ein del av RLE-faget, der det ikkje skal vere noka forkynning. Utdanningsdirektoratet peikar vidare i brevet på fem «viktige» føresetnader for gjennomføringa:

- at det skjer i samarbeid og forståelse med heimene
- at det er enkelt for heimene å forstå hva de eventuelt skal be seg fritatt for
- at det er gitt informasjon i så god tid at heimene som ønsker det, med rimelig frist kan melde om fritak
- at skolen har sørget for ikke-diskriminerende fritaksordninger eller alternativer som er gode for dem som melder fritak
- at hjemmet ikke må gi ut informasjon om egen tro

Brevet viser òg til fritaksordningane og at gudsteneste ikkje skal vere felles semesteravslutning for skulen. I dei undersøkingane vi har gjort er det det døme på skular som legg gudstenesta til siste dag før ferien (Viken, Lien og Sletta).

For kyrkjelydane sin del tyder dei nye ordningane at gudstenestene og anna skulesamarbeid ikkje kan reknast som eit tiltak innanfor sjølv trusopplæringsreforma (men jf. nedanfor om trusopplæring i vid og trong meining).

#### 4.4 SKILNAD, MEN IKKJE SKILJE

Trass i dei nasjonale, juridiske avklaringane, er det altså opna opp for kommunalt skjønn i spørsmål om å leggje til rette for noko trusopplæring i skuletida der dette er mest praktisk i høve til skuleskyss og liknande. Det er òg avklart at ein kan bruke SFO-tida til trusopplæringstiltak, men ikkje skule- eller SFO-lokala. Skulen er vidare gjeve høve til å gjennomføre gudstenester som ein del av sin generelle kultur- og tradisjonsformidling, men skal sjølv ikkje drive trusopplæring og i RLE-faget skal det ikkje vere forkynning, men formidling og orientering. Undervisninga i RLE-faget skal vere sakleg og på den måten «nøytral».

Vi ser òg i materialet vårt ein tydeleg *skilnad* i perspektiv mellom kyrkjeleg og skulebasert undervisning i religiøse og livssynsmessige spørsmål. Det er t.d. noko ein kan seie, gjere og vurdere på skulen og noko anna ein kan gjere i kyrkjene. Samstundes er det ikkje innført eit

organisatorisk eller innhaldsbasert *skilje* mellom skule og kyrkje ut over det som ligg i perspektivendringa i samarbeidet i og med at skulane sjølv ønskjer eit samarbeid. Ein ny skilnad, men ikkje eit skilje kjem til uttrykk på fleire måtar:

- Ei viss tilpassing til den nye situasjonen har vi funne i materialet, noko som viser korleis kyrkjelydane i praksis definerer trusopplæring. I samband med bibelutdeling t.d. er kyrkjarbeidarane varsame med å forkynne i bibelkursa på skulen i kjølvatnet av denne utdelinga (t.d. Viken), og samarbeidet vert ikkje sett på som trusopplæring, i tråd med offisiell politikk i Den norske kyrkja. Nokre stader dreg prestane til skulen og har advent- og julesamlingar, noko som lett vil endre på innhaldet (t.d. Dalen) samanlikna med det ein kan gjere i kyrkja. I praksis vil konteksten i stor grad bestemme definisjonen på samarbeidet og innhaldet i det som skjer.
- Bruken av SFO-tida er eit interessant tilfelle i ordsiftet om kva for samarbeid ein skal ha med skulen. Vi registrerer at SFO-tida vert brukt til trusopplæring og i noko mon òg skulelokala. Nokre stader vert barna henta av trusopplærarar ut av SFO-verksemda for å ha trusopplæring. Samarbeidet gjeld då ikkje sjølv opplæringa, men organiseringa av henne, noko som får mindre konsekvensar for vurderinga av om ein på denne måten greier å halde opp skiljet mellom kyrkje og skule. Men vi har funne to døme på at trusopplæraren eller kantoren kjem inn i skulelokala for å ha barnekor med barn og foreldre som har melde seg på dette «kurset» (Åsen og Skogen).
- Etablering av markeringar av påska i staden for sommaravslutningar er det fleire som prøver seg på, t.d. ved påskevandring. Det er lettare å ha ei sentral kyrkjeleg høgtid å spele på så klårt i dette samarbeidet. Høgtida legitimerer ei viss markering med kyrkjeleg perspektiv som sommaravslutninga ikkje kunne. Samstundes er det eit døme frå Sletta der skulane ikkje ville halde fram med påsegudstenestene. I Skogen kyrkjelyd seier dei at den gamle samarbeidsplanen skapte mønster som overlevde overgangen til nye læreplanar, men totalt sett har samarbeidet bleikna seier dei.
- Ein kan seie at Viken kyrkjelyd både vinn og misser noko på å skipe babysong i eit kommunalt drive aktivitetssenter. I noko grad vil dette òg gjelde babysongen i Åsen der dei samarbeider med ein helsestasjon. I Viken får dei gjeve tilbod til ei gruppe dei elles ikkje ville ha nådd, men får kanskje ikkje sett denne aktiviteten inn i ei kyrkjeleg ramme. I praksis definerer dei denne aktiviteten som i mindre grad trusopplæring enn det andre kyrkjelydar kan gjere. Sjølv om det er ein relativ liten aktivitet med få deltakarar, reiser han altså ei rad viktige spørsmål for kyrkja generelt i høve til samarbeid med offentlege institusjonar i trusopplæringsarbeidet.
- Fritaksordninga i skular og barnehagar på religiøst og livssynsmessig grunnlag (opplæringslova og privatskolelova §2,4) er sannsynlegvis grunnen til at kyrkjene ikkje tonar ned alle kultiske ledd i møta med barn og unge. Vårt inntrykk er at fritaksordninga når det gjeld deltaking frå skular og barnehagar på arrangement i kyrkja fungerer på dei stadene vi har sett på, dvs. ho er reell. Vi har ikkje grunnlag

for å seie noko om slike ordningar likevel kan verke stigmatiserande i den eine eller andre retninga. Vi har funne nokre døme på at rektor har ivra for å gjere gudstenestene meir «nøytrale», sannsynlegvis for å inkludere fleire.

#### 4.5 TRUSOPPLÆRING I VID OG TRONG MEINING

Dette prinsippet med ein skilnad utan skilje set premiss for og får konsekvensar for kva ein kan gjere og seie i ulike samarbeidstiltak. Tilsetteundersøkinga viste at mange er usikre på kva ein kan samarbeide med andre om. Det er òg eit spørsmål om perspektiv eller det vi kan kalle retning. Kanskje kan det å operere med eit skilje mellom trusopplæring i *trong og vid meaning* vere oppklarande. Med trusopplæring i *vid meaning* tenkjer vi på all verksemd i kyrkjelyden som er direkte og indirekte møte mellom dei tilsette og dei frivillige i kyrkja på den eine sida og barn og unge på den andre. Her kjem òg alle ekskursjonar og utforskingar av kyrkjerommet, bibelkurs på skulen og anna orienterande undervisning på skulen i skuleregi (om kristne høgtider, om nasjonalsongen t.d.). I slike samanhengar må kyrkjarbeidaren i dag bruke eit utanfråperspektiv på kyrkja og kristendom. Om det er dette dei tenkjer på som trusopplæring, så forklarar det kvifor mange seier at dei samarbeider med skulane om trusopplæring (tabell 6; 37 prosent).

Med trusopplæring i *trong meaning* kan ein tenkje på dei tiltaka som meir spesifikt byggjer trusfelleskap i all sin breidde og då kan ein i større grad bruke innanfråperspektivet, og undervisning *til* tru (jf. «Gud gir – vi deler», Kyrkjerådet 2010:9). I samarbeidstiltak med skule og barnehage er det i tråd med dei premissa og definisjonane som her er gjevne ikkje mogleg ut frå dagens reglar og lover å operere med trusopplæring i *trong meaning* (til tru).

I *vid meaning* er alle møte med kristen kultur, frå kyrkjebygg til musikk, gudstenester og andre aktivitetar, opplæring om kva kristen tru er og korleis han vert praktisert i dag. Den kristne organiseringa av den offentlege kalenderen er på denne måten òg trusopplæring eller kan verte det. Med trusopplæring i *trong meaning* kan ein tenke på ei opplæring som legg vekt på personleggjing med sosialisering inn i eit kristent gudstenesteliv eller anna samværs- og kultformar og med ei sterk tilhøyring og ei personutvikling som siktemål, der ein er i stand til å «spegle livet» sitt i kyrkjelivet på ein eller annan måte.

Vi kan kalle samarbeidet med kultur- og helseinstitusjonar og SFO, med barnehage og skule om arrangement for kulturelt samarbeid og trusopplæring i *vid meaning*. Desse ligg då føre som «kontraktar» eller som «tilbod» frå kyrkja si side. Samarbeidet kan vi sortere i aktivitetar med ulik fritaksgradar, frå dei mest «involverande» som skulegudstenestene, via høgtidsvandringar i kyrkjerommet til dei mest «sjølvorienterande og utforskande», som vandringar i kyrkjerommet og høve til å snakke med dei kyrkjeleg tilsette.

Gunleiksrud og Andersen (2008:27) peikar på at mykje av det som vert sagt til barn òg i kyrkja kan haldast i ein orienterande tone som t.d. at «her gjør vi det slik», «vi som er kristne tror at» o.l. Slike didaktiske nøytrale grep kan hjelpe trusopplæraren til å skilje mellom forkynning og formidling eller trusopplæring i *trong* og *vid meaning*. I

religionspedagogiske diskusjonar om skulen sin plass i eit fleirkulturelt og demokratisk samfunn er dette diskutert i spørsmålet om ein i skulen skal lære *om* religion eller i tillegg òg *av* religion (jf., Grimmitt 1991, 2000; Jackson 2004). Orientering byggjer identitet i større eller mindre grad og på ulike måtar. I kor stor grad ein kan seie at ein i møte med slik formidling knyt identitet til kristen tru og verksemd vil til dels vere avhengig av dei sosiokulturelle tolkingsmønsterane ein sjølv allereie kjenner ein er ein del av og kva ein såleis tek for gjeve. Dette vert òg kalla familiefilterfunksjonen (jf. Asheim og Mogstad 1987). For barn og ungdom med tilknytning til andre religionar og livssyn eller med lausare tilknytning, vil dette vere annleis enn for dei som kjenner dei har ein slik identitet eller ikkje kjenner det. I opplæringsamanhengar er det sjølv sagt aldri garantiar for at nokon utviklar interesse i ei bestemt retning og trusopplæring i trong meining tyder ikkje at kyrkjearbeidaren møter andre med tronge dogmatiske perspektiv utan vilje å drøfte ei sak frå fleire sider.

Trongje og vide definisjonar av trusopplæring kan òg trekkjast inn som bakgrunn for å skjønne det vi kan kalla forhandlingar mellom samarbeidspartnarane om gudstenester. I åra 2007–2009 utforska Haakedal (2010) høgtidskulturen ved to sørlandske barneskular. Hovudvekta vart lagt på å skildre jule- og påskegudstenestene og samanlikne dei med skildringar av skulegudstenester så langt tilbake som tidleg på 1990-talet. Resultatet av utforskinga var blant anna fire ulike typar høgtidsarrangement der staden og rommet spelar ei rolle: 1) Det liturgiske høgtidsdramaet i kyrkja sitt rom. 2) Høgtidsdramaet i skulen sitt rom. 3) Opplevingsforma høgtidskunnskap i eit konstruert kyrkjeleg-pedagogisk rom. 4) Estetiske framsyningar i eit lærarregissert høgtidsrom.

Det er vårt inntrykk at mange av julegudstenestene som nyleg har gått føre seg i feltstudia, høyrer til den første typen, det vil seie at ein har halde fast ved fleire liturgiske ledd, til dømes framseiing av bønna Fadervår unisont, sjølv om truverdkenninga kan vere kutta ut. (Dette var tilfelle ved to julegudstenester observert i ein større by på Sørlandet i desember 2011). I ein av kyrkjelydane i feltstudiet (Åsen) kan det sjå ut som om den fjerde typen hadde vorten reindyrka dei siste åra etter utspel frå ein rektor. Noko liknande, dvs. utspel frå dei leiande i eit lærarkollegium, var årsaken til at adventsamlingane og julegudstenestene ved ein av dei to skulane Haakedal utforska hadde fått forma «estetisk framsyning». Ho konkluderer studien sin med at både skulen sine mest aktive involverte (det er gjerne religions- og livssynslærarar som anten òg er, eller samarbeider med, musikk lærarar) og dei kyrkjeleg involverte har rikt høve til forhandlingar når det gjeld tradisjonane for skulegudstenester.

I Kyrkerådet sitt forslag til arbeidet med den lokale trusopplæringsplanen «Gud gir – vi deler» (Kyrkerådet 2010) står det presisert fleire stader at det er ein fordel for trusopplærarane å kjenne til den totale samanhengen som barnet står:

Det vil vere ein styrke for den samla læringa til barn og unge dersom kyrkjelyden i det lokale planarbeidet kartlegg kva barnehagane og skulane gir av kunnskap og opplevingar knytt til kristendom og kyrkje. Da kan trusopplæringa koordinerast og spele saman med resten av den opplæringa barn og unge tek del i (2010:36, jf. 38 et al.).

Eit alternativ til nemningane tronge og vide definisjonar er å seie at noko trusopplæring er meint å vere direkte trusopplæring og sannsynlegvis sosialisierende, medan anna opplæring, både i kyrkja og andre stader som ikkje har dette siktemålet, er indirekte trusopplæring. Den indirekte trusopplæringa er alltid nyttig for den direkte, men denne indirekte typen møte med kristen tru og liv vil òg kan verte sett på som eit poeng i seg sjølv for barna. Dei kan der lære både om og av det dei arbeider med i læreprosessen på skulen. I den nye situasjonen kyrkja står i overfor skulen og andre samarbeidspartnarar har vi tydelegvis fått ei forskyving *frå direkte til indirekte opplæring*, og vil vi sannsynlegvis få endå meir av dette i tida framover.

Kanskje bør ein vurdere å innføre ordet «reformtiltak» for å ha eit ord for direkte trusopplæringstiltak som òg skal nå breidde (alle døypte) i eit systematisk og samanhengande arbeid. Såleis kan ein lett skilje mellom trusopplæring i vid meining og trusopplæring som den systematiske og samanhengande planen for *alle* døypte.

#### 4.6 FAKTORAR SOM ER AVGJERANDE FOR SAMARBEIDET

Det er stor skilnad mellom dei ulike kyrkjelydane vi har undersøkt, noko som ikkje var uventa. Det er store skilnader mellom landsdelane. Rammefaktorane kyrkjelydane står i gjev sjølvstøtt ulike typar samarbeidskonstellasjonar. I dei store byane har dei meir å spele på i samarbeidet med frivillige organisasjonar, men dei offentlege tilboda er likevel stort sett einsarta over heile landet med skular, barnehagar og kulturskular som dei viktigaste samarbeidspartnarane. Avslutningsvis skal vi peike på nokre konstituerande faktorar for variasjonane vi har registrert (utan å hevde at desse er utfyllande skildra).

##### 1. *Fleirkulturalitet*

Det fleirkulturelle Austlandet gjer skulane sannsynlegvis meir vare for forkynning og for fritaksordningar. Fleire seier at det er muslimar til stades ved gudstenestene (ut frå kleda) utan at dette skapar ekstra tiltak (det er gjeve fritak). I Lien er det andre utfordringar enn i Viken og Dalen som nesten ikkje kjenner til fleirkulturelle utfordringar i skulen, med unntak av utfordringar frå samiske miljø og læstadianske grupper, men dette er heilt andre utfordringar og rammevilkår. Av intervjuet frå Åsen (lita bygd på Vestlandet) og Lien (storbykyrkjelyd) går det fram at det er vanleg at barn frå ulike minoriteter, til dømes muslimar, tek del i høgtidsarrangement som barnehage- og skulegudstenester. Vi kjenner ikkje forma på påskekudstenestene som vart avslutta i Sletta. Det er mogeleg lærarane opplevde at gudstenesteforma hadde for mykje preg av forkynning. Viss dette er riktig (jamfør den «jesussentrerte» planen for trusopplæring i Sletta), meiner vi Sletta-lærarane ikkje målbar ein sekulær og fleirkulturell protest, men heller var engstelege for ikkje å trække over ei line dregen av departementet. Ut i frå kjeldematerialet verker det som om Sletta sine skulegudstenester er av typen «liturgisk høgtidsdrama i kyrkja sitt rom».

##### 2. *Personlege haldningar og eigenskapar*

Personlege forhold verkar òg vere avgjerande for kva slags samarbeidskonstellasjonar ein får i stand. Ein dyktig kantor eller annan kyrkjemusikar opnar dørene for samarbeid med skular og kulturinstitusjonar. Organistane i Viken og Åsen er døme på dette. Kvalitet på musikkarbeidet er legitimerande og motiverande for samarbeid.

I fleire stader står prestane fram som særskild dyktige ressurspersonar som set mykje inn på å lukkast i trusopplæringsarbeidet. Prestar og kateketar syner seg å ha vore sentrale for vidareføringa av barnehage-skulekyrkjesamarbeidet.

Fleire av informantane peikar på rektorane si personlege haldning som positiv, negativ eller nøytral. I Åsen var det ønske frå ein skule med rektor i spissen som gjorde at ein tona med innhaldet og liturgien i gudstenestene før jul. Om musikk lærarar let seg involvere i skulekyrkje-samarbeidet, er dette ein stor ressurs.

### *3. Tradisjonar og sambandet mellom innhald og rom i ulike aktivitetar*

Ein annan sentral faktor er tradisjonar og andre kollektive vanar. Sterke tradisjonar med eldgamle kyrkjebygg gjer at samvirket verkar naturleg for skular som utviklar lokale læringsplanar. Tru er kultur, mange har ei tilhøyring til kyrkja og dei lokale kyrkjetradisjonane kan ikkje vaskast bort så lett. Vi vil tru at mange stader er ordet «tradisjon» eit ord og ei førestelling ein òg veit ein kan ty til for å forsvare eit samarbeid. Særleg dei gamle kyrkjene på små stader som Åsen og Viken står sterkt i bygda som eit samlande punkt. Slike kyrkjer er attraktive for barnehagen og skulen på ulike måtar. Dei vert brukt i samarbeidstiltak som ikkje definerast som trusopplæring, men som samarbeid, til dømes at elevane gjer seg kjent med kyrkjerommet og kan spørje det kyrkjeleg tilsette om det dei ser, eller det kan vere at ulike «vandringar» vert lagt til kyrkjerommet, gjerne knytt til ei høgtid. Men kyrkjeromma vert òg brukte til gudstenester for skulane (og gjerne nokre av barna sine slektningar eller andre frå lokalsamfunnet). Dette er gudstenester som det er lang tradisjon for. Gudstenesteforma kan variere noko, men eit minimum av liturgiske ledd, songar og dramatiske framføringar der enkelte klassetrinn har særlege oppgåver, ser ut til å vere vanleg.

Samarbeid kan òg finne stad i skulelokala, noko som òg kan ha lange tradisjonar (som i Dalen). Når kyrkjelege barnekor øver på skulane i SFO-tida, vert slik aktivitet gjerne ikkje definert som trusopplæring. Desse kora syng ulike typar songar, både klårt kristne songar og songar med eit meir allment innhald. Når dei same kora framfører desse songane utanfor skulelokala ved ulike høve, kan dette registrerast som trusopplæring.

### *4. Oppfatningar om kva trusopplæring er*

Overordna forhold som ønske om å halde på ein tradisjon og ein kultur og meir trivielle forhold som haldningar hjå rektorar og skyssordningar gjev ulike resultat og ulike typar samarbeid og ulik mengd av dette. Samstundes er det uklære definisjonar ute og går. I teoretiseringa av denne trusopplæringa kan ein skilje mellom trusopplæring i vid og trong meining.

Generelle fritaksordningar i skulen for dei som ønskjer det av religiøse eller livssynsmessige grunnar gjer at kyrkja i prinsippet kan sjå på denne verksemda i høve til barn og ungdom som trusopplæring i ei trongare meining, men ikkje heilt trong. Orientering om kyrkja og kristen tru kan òg vere trusopplæring i ei trongare meining om det fungerer innanfor ein større kristen kontekst barnet elles står i. Skulen har på denne måten gått frå å vere ein institusjon som har formidla og odla kristen tru til ein institusjon som *kan* gjere det, dvs. avhengig av konteksten denne undervisninga har for barnet, og tilsvarande for andre religionar og livssyn. Ei kartlegging av kva for samarbeid som finst med andre offentlege institusjonar er difor av stor nytte for vurderinga av trusopplæringsreforma og det vidare arbeidet med henne.

## 5. Geografi

Geografiske tilhøve lyt til sist nemnast som ein avgjerande faktor ein må trekkje inn for å skjønne nokre av dei funna som er gjort i undersøkinga. I Dalen kyrkjelyd er den langstrekke forma på kyrkjelyden avgjerande for samarbeidsformene i møte med skulane. Det er for langt og for vanskeleg for skulane å kome til mellomalderkyrkja og dette hemmar kontakten. Prestane må ofte reise ut til skulane for gudstenestelege samlingar. Tilsetteundersøkinga indikerer at større sokn opplever samarbeidet som mindre problematiske enn dei små. Grunnen kan vi sjå i Viken: Dette er ein mindre stad der det ikkje er frivillige organisasjonar å samarbeide med og elles samarbeider alle med alle, men mange slike faste mønster vert no brotne opp; korta vert samla inn og delte ute på nytt. Her er det likevel mange tette samband som fører til mykje formelt og uformelt samarbeid, og då vert det òg vanskelegare for kyrkjelydane å avgrense kva som er trusopplæring og kva som ikkje er det.

## 5 SAMANFATNING OG KONKLUSJONAR

Føremålet med undersøkinga som er gjennomført i samband med evalueringa av trusopplæringsreforma i Den norske kyrkja var å finne ut om det kan seiast å vere samarbeid mellom kyrkja og offentlege institusjonar, kva omfanget eventuelt er og kven ein i så fall samarbeider med. Bakgrunnen for denne problemstillinga er dei formelle endringane som er komne til dei siste 10-15 åra i tilhøvet mellom stat og kyrkje og særleg mellom dei statlege skulane med eit nytt religionsfag og kyrkjelydane med eit større satsing på eiga opplæring. Eit moment i denne samanhengen er òg den haldningsendringa som vi har sett i samfunnet med ein større fleirkulturell mentalitet. Regelverket er skjerpa når det gjeld bruk av skulelokale til aktivitetar som kan definerast som trusopplæring i trong meining.

Det var mot denne bakgrunnen grunn til å tru at samarbeidet har vorte mindre og/eller endra karakter. For å studere dette brukte vi to hovudkjelder, eit spørjeundersøkinga av tilsette i Den norske kyrkja og seks feltstudium som kunne gå i djupna og få fram nokre grunnleggjande mekanismar. Samarbeid av denne typen vi har talar om kan berre skje lokalt, så ei kartlegging av dette er avhengig av å få inn informasjon frå lokalplanet. Med



spørjeundersøkingar, seks feltstudiar eller case-skildringar, observasjonar og offentleg tilgjengeleg informasjon har vi eit rimeleg godt grunnlag for å seie noko om stoda i dag.

Den nominelle oppslutnaden om kyrkja er framleis allment sett stor, og på dei fleste stader er Den norske kyrkja einrådande som religiøs institusjon og oppfatta som ein udiskutabel del av den norske allmennekulturen. Dette er nødvendig bakgrunnskunnskap for å skjønne den situasjonen som undersøkinga presenterer. Undersøkinga viser at det framleis er mykje samarbeid både med skule og barnehage og andre offentlege institusjonar, men at dette har endra karakter og omfang. Det er vorten ein skilnad mellom det dei samarbeidande institusjonane gjer, men ikkje eit fullstendig skilje mellom dei. Mykje samarbeid som før nok kunne verte definert som trusopplæring i trong meining har no fått karakter av å vere trusopplæring i vid meining. På overflata i tilsetteundersøkinga verkar det ikkje som om det nye skiljet mellom kyrkje og skule har fått så mange konsekvensar for landet under eitt. Feltstudia viser likevel at det er skjedd ei perspektiv- og haldningsendring på begge sider.

Den vesentlege delen av det ein kan kalle samarbeid om aktivitetar skjer gjennom skulen og barnehagen. I kva grad ein skal seie at dette er trusopplæring kjem an på definisjonen av trusopplæring og vil vere avhengig av lokale og sosiokulturelle forhold. Gudstenester og andre markeringar i samband med kristne høgtidsmarkeringar som jul, påske og pinse er det som ligg nærast trusopplæring i trong meining. Fritaksordninga frå skulen si side i høve til slike gudstenester og markeringar gjer at ein nokre stader held fast på gudstenestlege ledd som Kyrie, Gloria og truedkjeninga.

Mange kyrkjelydar strevar med å finne ny form på samarbeidet. Dette verkar delvis vere avhengig av kva for tradisjonar ein har hatt, men ein kyrkjelyd med sterke tradisjonar seier t.d. at samarbeidet har bleikna. I folkerike sokn ser det ut til at dei opplever at dei har mindre vanskar enn i mindre folkerike sokn (jf. tabell 6). Mange seier at dei samarbeider lite i høve til frivillige organisasjonar og barnehagar, men dette er samarbeid som aldri har vore stort i omfang.

Mykje ser òg ut til å vere avhengig av haldningar blant rektorar og andre barnehage- og skuleleiarar. Ein rektor kan blokkere eller opne opp for samarbeid ser det ut til. Organistar og kantorar ser ut til å spele ei vesentleg rolle for samarbeidet med kulturinstitusjonar og skulen mange stader ved å stå for musikkfagleg høg kvalitet og på den gjere samarbeidet enklare. Det same kan gjelde involverte musikk lærarar i skulen.

Samarbeidet mellom kyrkja og skulen om skulegudstenestene er eit anna spennande felt der ein på ulike stader prøvar ut noko ulike vegar. Den vanlegaste er truleg at kyrkjeleg tilsette og skuletilsette forhandlar om forma på skulegudstenestene, og at dei når eit kompromiss der dei liturgiske innslaga er noko dempa og barna deltek med song og dramatisk framføring av forteljingsinnhaldet knytt til den aktuelle høgtida. Skulane må tilby alternativ til gudstenestene for fritekne elevar, men kyrkja og skulen har òg høve til å framheve dei kulturelle og tradisjonsbundne sidene ved gudstenesteforma slik at det kan vere aktuelt for så mange som moglege av elevane å ta del i dessa høgtidssamlingane.

Tradisjonar kan vere seige, men no ser det ut for at det har skjedd eller er i ferd med å skje ei endring i samarbeidsforholda, særleg til skulen. Utviklinga av innhaldet i samarbeidet går ikkje berre i sekulariserande retning, for skulen må kunne tilby elevane fritak utan grunngeving på religiøst og livssynbasert grunnlag og alternativ undervisning for all organisert verksemd knytt til kyrkja (og eventuelt til andre religionar og livssyn), sjølv om det dreier seg om reint orienterande ekskursjonar om arkitektur og symbolikk.

Samla sett går det ikkje an å seie eintydig om alt dette samarbeidet er trusopplæring eller ikkje, og det er ulike syn både i kyrkjelydane og i skulane kva som skal reknast som trusopplæring. Det ein skule ein stad oppfattar som trusopplæring, kan verte oppfatta som ikkje trusopplæring ein annan stad. Generelt meiner vi at kyrkjelydane ser ut til å finne samarbeidsformer som tenelege for kyrkja og dei andre institusjonane når dei skal navigere i dette landskapet. Det vert vist fram mange nye idear og feltstudia viser kyrkjelyder som utforskar kva dei kan gjere, og særleg gjeld dette trusopplæring i SFO-tida som mange meiner er sjølvne nøkkelen til å lukkast med heile reforma. Å starte egne skular har ikkje vore nemnt. Det er vanskeleg å lage nasjonale retningslinjer for slike ordningar, dei lokale kyrkjelydane må gå inn og finne ut kva som er naturleg på kvar stad ut frå oppslutnad om kyrkja og foreldreinteressene.

## 6 LITTERATURLISTE

- Asheim, I. og S. D. Mogstad (1987). *Religionspedagogikk. Tolkning, undervisning, oppdragelse*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Benner, D. (2010). *Allgemeine Pädagogik. Eine systematisch-problemgeshichtliche Einführung in die Grundstruktur pädagogischen Denkens und Handelns*. Weinheim, Juventa.
- Byfuglien, H., R. Evenshaug, et al. (2008). *Når tro deles. Styringsgruppa rapport fra Trosopplæringsreformens forsøks- og utviklingsfase 2003-2008*. Oslo, .
- Grimmitt, M. (2000). *Pedagogies of religious education. Case studies in the research and development of good pedagogic practice in RE*. Great Wakering, McCrimmons.
- Grimmitt, M. (1991). *A gift to the child. Religious education in the primary school*. London, Simon & Schuster.
- Gunleiksrud, K. og Y. Andersen (2008). *Samarbeid kirke - skole. Rammer og muligheter*. Oslo, IKO-forlaget.
- Haakedal, E. (2010). Klartekst og skjult tekst i en barneskoles høytidskultur. I: Tønnessen, Elise Seip (red.): *Sammensatte tekster. Barns tekstpraksis*. Oslo, Universitetsforlaget, s. 192-209.
- Hauglin, O., H. Lorentzen og S. D. Mogstad, (2008). *Kunnskap, opplevelse og tilhørighet. Evaluering av forsøksfasen i Den norske kirkes trosopplæringsreform*. Bergen, Fagbokforlaget.
- Hegstad, H., A. Selbekk og O. Agedal (2008). *Når tro skal læres. Sju fortellinger om lokal trosopplæring*. Trondheim, Tapir.
- Jackson, R. (2004). *Rethinking religious education and plurality. Issues in diversity and pedagogy*. London, Routledge Falmer.
- Kuhnle, S. og P. Selle (1990). «Autonomi eller underordning. Frivillige organisasjoner og det offentlige», i S. Kuhnle og P. Selle (red.). *Frivillig organisert velferd - alternativ til offentlig?* Bergen, Alma mater.

- Kulturdepartementet (2002). St. meld. nr. 7 (2002-2003) *Trusopplæring i ei ny tid. Om reform av dåpsopplæringa i Den norske kyrkja.*
- Kulturdepartementet (2004). Høringsdokument, 30.06.2004. *Høring – endringer i kirkeloven §36.*
- Kunnskapsdepartementet (2007). Rundskriv F-15-07: *Informasjon om endringer i opplæringen i faget Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap og om rett til fritak fra opplæring i skoleåret 2007/2008.*
- Knudsen, T. (1993). *Den danske stat i Europa.* København, Jurist- og økonomforbundets forlag.
- Kyrkjerådet (2010). *Gud gir – vi deler. Plan for trusopplæring i Den norske kyrkja.* Oslo, Kyrkjerådet, Den norske kyrkja. Lasta ned frå [www.kyrkja.no/størstavalt](http://www.kyrkja.no/størstavalt)
- Lippe, M. (2008). To believe or not to believe. Young people's perceptions and experiences of religion and religious education in Norway. I: Knauth, T., Jozsa, D.-P., Bertram-Troost, G., Ipgrave, J. (red.): *Encountering religious pluralism in school and society. A qualitative study of teenage perspectives I Europe.* Münster, Waxmann, s. 149-171.
- Lorentzen, Håkon (1994). *Frivillighetens integrasjon.* Oslo, Universitetsforlaget.
- Repstad, P. (1998) (red.). *Den lokale velferdsblanding. Når offentlige og frivillige skal samarbeide.* Oslo, Universitetsforlaget.
- Schweitzer, F. (2006). *Barnets ret til religion.* Frederiksberg, Aros.
- Skeie, G. og M. Lippe (2009). Does religion matter to young people in Norwegian schools? I: Valk, P., Bertram-Troost, G., Friederici, M., Béraud, C. (red.): *Teenagers' perspectives on the role of religion in their lives, schools and societies. A European quantitative study.* Münster, Waxmann, s. 269-301.
- Stortinget (2003). Innst. S. nr. 200 (2002-2003) *Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om trosopplæring i en ny tid. Om reform av dåpsopplæringen i Den norske kirke.*
- Utdanningsdirektoratet (2011). *Gudstjenester i skoletiden.* Oslo, Udir.no. [http://www.udir.no/Upload/Brev/regelverk/5/gudstjenester\\_i\\_skoletiden.pdf](http://www.udir.no/Upload/Brev/regelverk/5/gudstjenester_i_skoletiden.pdf) (Lasta ned 12.1.12)